

Rapport

18.11.2024

**Sogn og Fjordane Energi
som selvstendig selskap**



Sogn og Fjordane Energi (SFE) investerer og innoverer

I denne rapporten presenterer vi SFE sine ambisiøse planar for selskapet fram til 2040. Vi har ein investeringsplan som inneber investeringar i ny, fornybar kraft på 1,6 TWh, slik at vi totalt produserer 4 TWh innan 2040. Det er viktig for å dekke den auka etterspurnaden etter rein energi på Vestlandet, og speglar vår forplikting til å bidra inn i ei berekraftig framtid.

SFE kan vise til ei imponerende verdiauke på 156% dei siste åra, noko som svarar til ei årleg avkastning på 22%*. Dette er oppsiktsvekkande, særleg når vi samanliknar med Oslo Børs der den årlege avkastinga har vore 10%-poeng lågare i same periode.

Prognosane tyder på at SFE vil kunne betale ut eit vesentleg utbytte på 8,5 milliardar kroner til eigarane fram til 2040. Dette vitnar om ein solid økonomisk plattform og ei strategisk tilnærming til investeringar som vil kome både eigarar og samfunnet til gode.

Det er viktig å understreke at SFE ikkje berre fokuserer på økonomisk gevinst, men og arbeider kontinuerleg for fleire av FN sine berekraftsmål som er definert nedst på sida.

Rapporten set søkelys på korleis SFE sine investeringar støttar opp under både lokal og nasjonal utvikling og korleis selskapet tek i vare sitt ansvar som ein leiande aktør innan utbygging av fornybar energi.



Olin Johanne Henden
Styreleiar SFE

Eit kompetent konsernstyre med lang, variert og relevant erfaring

Silje Skaar Sunde

Nestleiar

Leiar for forvaltning og utbygging i BKK AS. Styremedlem i Sognekraft, Tafjord Kraft, Eviny Venture, Sparebanken Sogn og Fjordane, Helse Førde, NHO Vestland og Sunnfjord Tomteselskap.



Jan Helge Dale

Styremedlem

Kommuneoverlege i Kinn Kommune. Har praksis som folkevald i Kinn kommune og ei rekke verv i styrer, råd og utval.



Arvid Andenæs

Styremedlem

Tidlegare administrerande direktør i Sparebanken Sogn og Fjordane. Har også erfaring frå Sparebanken1 Nord Norge og Danske Bank. Styreleiar og -medlem i ei rekke selskap.



Kevin Denton

Styremedlem

Teamleiar Produksjonssentral, SFE Produksjon. Utdanna elektroingeniør og har tidlegare jobba i Siemens Olje og Gass i Bergen.



Olin Johanne Henden

Styreleiar

Dagleg leiar, student i masterkurset grøn vekst og konkurransekraft på Handelshøgskule BI og styreverv i ulike selskap, blant anna i det regionale helseforetaket Helse Vest i 12 år. Politisk erfaring frå kommunestyre og fylkesting.



Sindre Kvalheim

Styremedlem

CEO i LocalHost og VYRD AS. Har og styreverv i ei rekke sektorar. Har vore med på å bygge opp mange teknologiselskap under investeringselskapet VYRD AS. Mest kjende er LocalHost, Lefdal Mine Datacenter og Videonor/Whereby.



Ingvill Hestenes

Styremedlem

CEO i Convene Group AS. Har erfaring som CFO i Melin Medical og som leiar for Personmarknaden for Gloppen og Eid i Sparebanken Sogn & Fjordane. Har fleire styreverv i Convene-strukturen, og innan ulike bransjar.



Mons Solheim

Styremedlem

Energioperatør i SFE Produksjon. Utdanna innan elektro. Har jobba i SFE sidan 1986.



Ragnhild Gundersen

Styremedlem

Forretningscontroller i SFE Produksjon AS. Utdanna siviløkonom og Master of Management i Corporate Finance. Har jobba i SFE sidan 2008 med oppgåver innan økonomi, finans, forretningsutvikling og prosjekt.



For oss tilsette er det mange grunnar til at SFE kan og bør vere sjølvstendig!

Å forbli eit sjølvstendig selskap gjev oss moglegheita til å bevare og styrke dei verdiane som gjer SFE unik. For oss tilsette betyr dette nærleik til avgjerdene, smidigheit, mindre byråkrati, høg medarbeidartilfredsheit, samt moglegheit til å tiltrekkje og behalde høg kompetanse også i Sogn og Fjordane. Vi er stolte av vår evne til å innovere og vekse som eit sjølvstendig selskap, og vi ser fram til å fortsette å skape verdi for våre eigarar, næringsliv, samarbeidspartnarar og lokalmiljø.

Nærleik til avgjerdene: Som eit sjølvstendig selskap har vi ein struktur som gjer at avgjerdene blir tekne nærare fagpersonane som utfører arbeidet. Vi tilsette har ei direkte linje til leiinga, noko som fremjar ein kultur av openheit og samarbeid. Samarbeidet er sterkt og godt, og leiinga i SFE har over tid vist at dei tek oss tilsette på alvor. Vi blir tidleg involvert, leiinga deler opent, viser respekt og ønskjer innspel. Ved å forbli eit passe stort selskap vil det framleis vere kort avstand mellom leiing og dei tilsette, og dette skapar ei sterkare kjensle av fellesskap blant oss tilsette. Dette erfarer vi kvar dag, og studier viser også at når avgjerdene vert tekne nærme dei tilsette, opplevast det høgare grad av engasjement og tilfredsheit blant tilsette ⁽¹⁾.

Fridom til å vere innovativ og kreativ: Utan det tyngre byråkratiet som ofte følgjer med større konsern, opererer vi meir lettbeint og smidig. Dette gjer oss i stand til å tilpasse oss raskt til nye utfordringar og moglegheiter, og gjev oss tilsette fridomen til å vere innovative og kreative i våre roller. Vi har erfart at leiinga har eit genuint ønskje om å finne både løysingar og retning i lag med oss tilsette. Vår storleik gjer det mogleg å implementere nye idear og prosessar raskt, utan å måtte forankre i mange beslutningslag. At fleksible strukturar er meir innovative støttast av forskning ⁽²⁾.

Høg medarbeidartilfredsheit: Vår storleik og struktur bidreg til at vi tilsette har høg grad av medarbeidartilfredsheit. Dette er også godt dokumentert av forskning ⁽³⁾. Vi kjenner oss verdsette og høyrde, og har store moglegheiter for personleg og profesjonell vekst. Vi har fleire døme på banebrytande innovasjonar som viser at ein ikkje treng å vere stor for å innovere. Vi tilsette er stolte av å vere ein del av eit selskap som verdset våre bidrag og gjev oss rom til å vekse.

Tiltrekk høg kompetanse: Vår lokasjon er ein av våre største styrkar. Vi tiltrekk oss høg kompetanse på grunn av vår plassering, ikkje trass i den. Denne balansen mellom arbeid og livskvalitet gjer SFE attraktiv for talentfulle fagfolk som ønskjer å vere ein del av eit dynamisk og innovativt miljø.

Stolt – Frisk – Ekte



Konsernutvalet SFE: F.v: Ørjan Brunstad, Hilde Mellingen, Per Erik Eimhjellen, Oddrun U. Slagstad, Liss Bergum, Kjell Magne Birkelund, Stian Kenneth Skår, Mons Solheim

Vedteke i Konsernutvalet 21.10.2024

To tillitsvalde frå kvar av dei fire fagforeiningane (EI & IT, Delta, Tekna og Nito)

Sogn og Fjordane Energi som sjølvstendig selskap har kapitalen, kompetansen og prosjekta til å skape den fornybare framtida i Vestland

SFE har kapitalen

SFE er solid nok til å betale ut høge utbytte samtidig som det vert gjort investeringar for å nå **4 TWh samla produksjon innan 2040**. Prognosane viser at ein ikkje har behov for ny kapital frå eigarane for å styrke soliditeten. SFE oppnår gode lånevilkår som sjølvstendig selskap (1).

SFE har kompetansen

SFE har rekruttert ny kompetanse på alle fagområde og har gode søkjarar til stillingar som vert lyst ut. SFE evner å tiltreke seg, utvikle og behalde den kompetansen som skal til for å gjennomføre planlagde prosjekt for å nå **4 TWh samla produksjon innan 2040**.


SFE har prosjekta

SFE har ei stor prosjektportefølje som det er mogleg å realisere i åra framover. Dette omfattar både nye kraftverk og effektoppgraderingar i eksisterande anlegg. Prosjektportefølja på 1,6 TWh vil bidra til at SFE når **4 TWh samla produksjon innan 2040**.


SFE har kapitalen, kompetansen og prosjekta som bidrar til at Vestland når sine mål. Det skal vi gjere gjennom å fortsette med å bygge ut fornybar energi på lag med naturen og til det beste for lokalsamfunnet.

SFE har fått fram meir fornybar kraft dei siste fem åra enn vesentleg større aktørar. Lutelandet og Østerbø er døme kor SFE har realisert nye prosjekt for å få meir kraftproduksjon.

Verdjustert eigenkapital 2003-2024



Årlege utbytte til eigarane og produksjonsvekst 2025-2040



SFE har hatt ein verdiauke på 156% sidan emisjonen i selskapet i 2016. Dette svarar til ei årleg gjennomsnittleg avkastning på 22%*, som er 10%-poeng høgare enn avkastninga på Oslo Børs i same periode. Ei berekning som hensyntek renterente effekt gir ei gjennomsnittleg årleg avkastning på 15%**.

Den forventa auka i kraftpris, meir produksjon samt aukande verdi av effekt og systemtenester gjev vesentleg auke i resultatata. Det aukar samtidig utbytte til eigarane og verdien på aksjane. SFE sine årlege utbytte vil auke frå 200 til 650 millionar i løpet av dei neste 10 åra.

Eigarane i eit sjølvstendig SFE

- SFE sine eigararar vil behalde kontrollen og ha reell påverknad over lokale naturressursar og sikre at verdiskapinga skjer lokalt. I eit fusjonert selskap vil ikkje dei same eigarane få same kontroll og påverknad.
- SFE vil realisere sin strategi om å produsere energi frå vatn og vind i Sogn og Fjordane, utan at prosjektportefølja vert utkonkurrert av andre forretningsområde og satsingar utanfor regionen.

SFE sine største utfordringar

- Den største utfordringa er den same for alle energiselskap; å få konsesjonar.
- Konkurransen om arbeidskrafta, regulatorisk risiko, økonomisk og digital risiko og naturverninteresser er også felles i bransjen og krev innovative løysingar og samarbeid.
- Sentrale tiltak er fokus på å utvikle kompetanse, styrke relasjonar i lokalsamfunna og investering i teknologi som møter framtidens behov og krav.

Ein fusjon kan gje stordriftsfordelar. Ein fusjon kan også medføre at ein svekker eller mister dei smådriftsfordelane som er der i dag. SFE opplever at fordelane med eksisterande selskap er at det er dynamisk med evne til å tilpasse seg og samarbeide raskt internt.

SFE og bransjen har felles utfordringar som ein saman og kvar for seg jobbar med. Ein fusjon i seg sjølv vil ikkje hjelpe vesentleg på dei mest sentrale felles bransjeutfordringane.

Innhald

1. [Samandrag](#)
 2. [Kven er SFE?](#)
 3. [Korleis ser framtidsbildet ut?](#)
 4. [Korleis møter eit sjølvstendig SFE framtida?](#)
 5. [Korleis leverer SFE på samfunnsoppdraget?](#)
 6. [Kvifor er det viktig at SFE er lokalt forankra?](#)
- [Vedlegg](#)
 1. [SFE mot 2040 – Vår strategi](#)
 2. [Om utgreiingsprosjektet](#)
 3. [Finansielle føresetnader](#)



Lesarrettleiing – Oppbygginga av rapporten og innhaldet i kvart kapittel

KAPITTEL 1 – SAMANDRAG

side 8 - 13

1

Ei oppsummering av dei viktigaste momenta i rapporten. I samsvar med intensjonsavtala har SFE laga denne rapporten for å vise korleis selskapet utan fusjon leverer på områda tilsette, vekst og utbyttekapasitet. Desse områda vert omtalt i dette samandraget.

KAPITTEL 2 - KVEN ER SFE?

side 14 - 21

2

Ein kortfatta introduksjon til SFE med informasjon om eigarskap, historia bak det som er ein del av dagens SFE, selskapet og deleigde selskap sine lokasjonar, nøkkeltal og ein presentasjon av leiargruppa.

KAPITTEL 3 – KORLEIS SER FRAMTIDSBILETET UT?

side 22 - 26

3

Ei oppsummering av korleis globale trendar gjev utfordringar og moglegheiter for energimarknaden i Noreg. Kva utfordrar den grøne omstillinga på Vestlandet? Korleis kjem auken i kraftforbruk på grunn av omstilling til eit lågutsleppssamfunn til å krevje innsats på mange felt? Avslutningsvis omtalar vi korleis våre naturressursar gjer Vestland til ein drivar for berekraftig næringsliv og det grøne skiftet.

KAPITTEL 4 - KORLEIS MØTER EIT SJØLVSTENDIG SFE FRAMTIDA?

side 27 - 39

4

Informasjon frå SFE sin strategiprosess våren 2024. Omtale av utbygging siste åra og porteføljen med nye kraftprosjekt som vil gje ytterlegare verdiauke for selskapet dei komande åra. Investeringar, finansiering og utbyttekapasitet. Omtale av SFE sine tilsette og kompetanse til framtidens satsingar. Inneheld også både felles bransjeutfordringar og SFE sine spesifikke utfordringar med tilhøyrande tiltak for handtering.

KAPITTEL 5 - KORLEIS LEVERER SFE PÅ SAMFUNNSOPPDRAGET?

side 40- 49

5

Åtte område som syner at SFE er robust: korleis vi samarbeider, fagmiljø, vekst, fleksibiliteten i vår kraftproduksjon, forsyningstryggleik, bidrag til næringsutvikling og utdanning.

KAPITTEL 6 - KVIFOR ER DET VIKTIG AT SFE ER LOKALT FORANKRA?

side 50 - 62

6

Her omtalar vi kva eit sjølvstendig SFE gjev av ringverknader, bidrag i lokalsamfunna, korleis vi skaper varige verdiar og lokal innovasjon. Vi viser kva vi betyr for våre eigarar i samsvar med deira strategiar og kva SFE betyr for tilsette i selskapet. Kapittelet vert avslutta med sentrale, avsluttande vurderingar knytt til eit sjølvstendig SFE.

1. Samandrag

Utgreiing av framtidig eigarstruktur i SFE

Denne rapporten

1. Fusjon

Ei full samanslåing av Eviny og SFE.

SFE og Eviny skal utgreie i lag, med EY som fasilitator. EY skal samanfatte ein rapport.

2. SFE som sjølvstendig selskap

Vidare eigarskap som i dag der SFE er eit sjølvstendig selskap ("stå åleine").

SFE lagar ein eigen rapport basert på ny strategi (denne rapporten).

3. Skilje lag

Utgreie ein modell og løysingar der Eviny gjev slepp på eigarskapen i SFE.

Dette er ikkje ein del av utgreiingane.


Dei to største eigarane i SFE, Sogn og Fjordane Holding (SFH) og Eviny, har inngått ei intensjonsavtale om utgreiing av framtidig eigarskapsstruktur i SFE, der dei tre alternativa ovanfor skal utgreiast. Målet for utgreiinga er å gje eigarane i SFH og SFE eit godt grunnlag for å ta ei avgjerd om kva eigarstruktur som er til det beste for eigarane og selskapet i framtida.

Utgreiing av eit sjølvstendig SFE

Denne rapporten utgreier alternativet «stå åleine», som er i samsvar med punkt 1.3 (ii) i intensjonsavtala. Konsekvensutgreiinga er utført av SFE og baserer seg på selskapet sin nyleg vedtekne strategi fram mot 2040. I samsvar med intensjonsavtala har SFE nytta same økonomiske føresetnader som i fusjonsalternativet (alternativ 1) på dei områda der dette er relevant. Dette omfattar f.eks. kraftprisar, GoO-prisar, avkastningskrav, valuta, inflasjon, produksjon, profilmfaktorar og meirverdiar.

Denne utgreiinga viser kva eit sjølvstendig SFE betyr for eigarane, dei tilsette og samfunnet. Rapporten er ein del av avgjerdsgrunnlaget som eigarane i SFE og Sogn og Fjordane Holding har for å gjere vedtak om framtidig eigarstruktur.

SFE sine fortrinn som er utvikla gjennom 100 års historie



Regulerkraft: Over 70% av vår samla produksjon har utløp rett i sjø. Dette utgjør meir enn 60% av vår totale reguleringsevne. Det gjev oss stor fridom til å produsere når kraftsystemet treng balansekraft og når prisane er høgast, noko som skapar vesentlege meirverdier for eigarane. I første halvår 2024 har vi skapt om lag 25% i meirverdier utover grunnkraftpris. Dette syner verdien av fleksibilitet og kor godt rusta SFE er for å hente ut disse meirverdiene.



Vekst i produksjonsvolum: SFE har dei siste 5 åra investert i over 400 GWh med ny fornybar energi ⁽¹⁾. Dette gjer at SFE er blant dei med høgast prosentvis vekst i produksjonsvolum i perioden. Veksten fortset, og fram mot 2040 skal SFE auke kraftproduksjonen med over 70%. Den sterke veksten er ein av grunnane til at SFE har auka verdien av aksjane med over 150% dei siste ti åra.




Fallrettar og konsesjonar: SFE har fallrettar og konsesjonar innan vasskraft på 1 TWh og moglege prosjekt innan vindkraft på 1,5 TWh. Vi kan løfte fram ny fornybar energi som Vestland treng, og har sett oss mål om å realisere nye 1,6 TWh innan 2040. Det gjev ein samla produksjon på totalt 4 TWh. Over 80% av vasskraft-prosjekta som vi har i framtidig portefølje er regulerbar.



Utbytte og ringverknader: SFE sine prognosar viser at selskapet kan betale ut utbytte til eigarane som summerer seg til 8,5 milliardar kroner fram til 2040. Samstundes har SFE løfteevne til å få fram ny fornybar produksjon. Meir kapasitet kjem også til å auke verdien på SFE-aksjane. SFE sine planlagde investeringar vil gje vertskommunane årleg inntekt på 58 millionar kroner i eigedomsskatt og produksjonsavgift ⁽²⁾. I tillegg kjem naturressursskatt, konsesjonskraft med meir.










Kompetanse og internt samt eksternt samarbeid: SFE har leiande vasskraftkompetanse og lukkast med å rekruttere ny. Eit godt arbeidsmiljø, langsiktige etterfølger-planar og ein effektiv arbeidsmodell som byggjer på tverrfagleg samarbeid, bidreg til å ta vare på og utvikle kritisk kompetanse. Det gjer oss i stand til å levere på våre planlagde prosjekt. SFE har også ein lang tradisjon med ulike samarbeid, til dømes prosjektsamarbeid med andre aktørar for å utvikle og bygge kraftverk.



Lokal kontroll: SFE er eigd av lokale kommunar og fylkeskommunen, noko som sikrar at verdiskapinga blir i regionen. Dette gjev forståing for lokale behov og prioriteringar, samt ein sterk tilknytning til lokalsamfunnet. Eigarane har kontroll over selskapet sine investeringar, vekst og utvikling, inkludert eigarskap til fallrettar og ei portefølje av planlagde kraftprosjekt.

SFE har like utfordringar som andre aktørar i bransjen – og tiltak for å møte dei vert jobba med både internt og i samarbeid med andre

 Utfordringar	 Tiltak
 <p>Konkurransen om arbeidskraft: SFE kan møte utfordringar med å tiltrekke seg og halde på kvalifisert arbeidskraft innanfor viktige område som ingeniørfag, teknologi, digitalisering og økonomi.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikle SFE som attraktivt arbeidsgjevar • Synleg og aktiv pådrivar for kunnskaps- og kompetanseheving lokalt • Kompetanse- og etterfølgerplanar som møter framtidens behov • Kontinuerleg utvikling av beste praksis
 <p>Politisk risiko: Endringar i nasjonal energipolitikk og skattereglar kan ha innverknad på SFE si utvikling.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vere oppdatert på den regulatoriske utviklinga • Delta aktivt i bransjeorganisasjonar for å påverke rammevilkår • Samarbeide med andre aktørar i bransjen
 <p>Økonomisk risiko: SFE sin investeringsportefølje krev høg grad av lånefinansiering. Særskilt låge kraftprisar og rentefluktasjonar kan påverke selskapet si evne til å levere utbytte og finansiere framtidige investeringar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid med andre selskap • Exit frå andre investeringar • Rentesikring • Diversifisering • Vurdere kraftprissikring finansielt og fysisk • Sensitivitetsanalyse i budsjett- og prognosearbeid
 <p>Vekst som tek miljøomsyn: Balansere behovet for meir fornybar energi og naturverninteresser. Vind- og vasskraftutbygging kan møte motstand i lokalsamfunna som følgje av at naturen vert påverka.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kunnskapsbasert, miljøfagleg og tidleg dialog med organisasjonar, lokalsamfunn og grunneigarar • Utvikle SFE som leiande aktør for miljødesign som sikrar låg naturpåverknad og fokus på å legge igjen varige verdiar
 <p>Teknologisk risiko: Kraftbransjen er inne i eit teknologiskifte der nye marknader krev nye digitale løysingar. SFE er langt framme i den digitale utviklinga i bransjen, men rask utvikling vil krevje meir av selskapa. Den geopolitiske situasjonen aukar det digitale trusselbiletet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Styrking og vidareutvikling av digitalisering, med meir kapasitet og overlappende kompetanse • Høgare prioritering av cybersikkerheit for å gjere eksisterande og nye løysingar meir robuste

I samsvar med intensjonsavtala har SFE vurdert kva eit sjølvstendig SFE inneber innan områda tilsette, vekst og utbyttekapasitet

Tilsette



Å halde fram som eit sjølvstendig selskap gjev SFE moglegheita til å bevare og styrke dei verdiane som dei tilsette meiner gjer selskapet til ein attraktiv arbeidsgjevar. Dette inneber nærleik til avgjerdene, smidigheit, lite byråkrati og høg grad av verdiskapande tverrfagleg samarbeid.

SFE har ein struktur som sikrar at fagpersonane som utfører arbeidet har stor innverknad på avgjerdene. Dette fremjar ein kultur av openheit og samarbeid, og skaper ei sterkare kjensle av fellesskap blant tilsette.

SFE sin storleik gjer at tilsette kjenner kvarandre på tvers av fagområde og avdelingar. Det gjer det lettare å kjenne seg verdsett og høyr. Medarbeidarundersøkinga stadfestar òg slike kulturelle trekk i organisasjonen.

SFE evnar å tiltrekke seg og behalde høg kompetanse, og er ein stor nok organisasjon til at tilsette kan ha forskjellige moglegheiter for personleg og fagleg vekst innanfor selskapet.

Vekst



SFE har som mål å auke kraftproduksjonen frå 2,4 TWh til 4 TWh innan 2040. Det fører til at selskapet styrkjer sin posisjon som ein sjølvstendig kraftprodusent. Med god soliditet og mange konkrete prosjekt på gang, er SFE godt rusta til å realisere denne veksten.

SFE har vist evne til å realisere ny fornybar kraft gjennom bygging av Østerbø, Jølstra vasskraftverk og Lutelandet vindkraftverk. Selskapet er godt posisjonert for vidare utviding av produksjonskapasiteten.

SFE har ei stor prosjektportefølje som gjev moglegheiter til å realisere ei rekkje prosjekt i åra framover, inkludert nye kraftverk og effektoppgraderingar i eksisterande anlegg. Eksempel på effekt-kraftverk er Øksenelvane kraftverk som styret i SFE har vedtatt investering på og der bygginga startar våren 2025. SFE har konsesjon på Bredvatn kraftverk og fallrettar i ulike vassdrag. Ein overordna oversikt over prosjekt-portefølja er med seinare i rapporten. SFE sitt lokale nærvær er ein styrke for å få lokal aksept, noko som er avgjerande for realisering av framtidig prosjekt.

Utbytte og utbyttekapasitet



Forventa auke i kraftpris, meir produksjon og aukande verdi av effekt og systemtenester vil gi betydeleg auke i resultatata, noko som igjen vil føre til aukande utbytte til eigarane i strategi-perioden.

Årlege utbytte er forventa å auke frå 200 til 650 millionar i løpet av dei neste 10 åra. Den nye utbyttepolitikken, som vart vedteken i 2024, sikrar at ein større del av resultatet vert utbetalt som utbytte, utan å svekke selskapet si evne til å finansiere planlagt vekst.

Avkastinga til eigarane er summen av utbytte og verdiauke på aksjane. Prosjekta som er planlagt realisert fram til 2040 vil ytterlegare styrkje verdien av SFE.

For eigarane av eit sjølvstendig SFE betyr dette at ein får ein betydeleg auke på verdien av sine aksjar og høgare utbytte – samtidig som ein har kontroll over selskapet og selskapet sine investeringar.

SFE er solid nok til å betale ut høge utbytte samtidig som selskapet gjennomfører investeringar for å nå 4 TWh samla produksjon innan 2040

GOD UTBYTTEKAPASITET

Strategiplanen inneheld samla investeringar i perioden på til saman nesten 13 milliardar kroner. Av dette bidreg staten (gjennom grunnrenteskattesystemet) med omlag halvparten, slik at likviditetsbelastning på SFE vil vere omlag 7 milliardar kroner. SFE sin del vil vere eigenfinansiering gjennom god og lønsam drift samt opptak av eksterne lån. Auken i SFE si lånegjeld er handterbar og soliditeten vil fortsett vere god.


Det er forventa at NO3-pris vil ta igjen gapet mot NO5-prisen i løpet av perioden 2025-2034 (1). Den forventa stigninga i kraftpris, meir produksjon samt aukande verdi av effekt og systemtenester gjev vesentleg auke i resultatata. Dette vil gje høgare utbytte frå SFE til eigarane og auke verdien på selskapet i strategiperioden.

I perioden 2035 til 2040 har vi nytta føresetnadar som felles tredjepart har lagt til grunn i si verdvurdering (1). Denne viser eit vesentleg fall i kraftprisen mellom 2035 og 2036, noko som gjer at utbytte vert redusert. Auka utbytte mot slutten av perioden er i hovudsak knytt til høgare inntekt frå investering i ny kraftproduksjon.

Verdivurderinga frå felles tredjepart viser at SFE har hatt ein verdiauke på 156% sidan eigenkapitalemissjonen i SFE i 2016. Dette svarar til ei årleg avkastning på 22%*, som er 10%-poeng høgare enn gjennomsnittleg årleg avkastning på Oslo Børs i same periode. Den gjennomsnittlege årlege geometriske avkastninga har vore 15%.


Som for alle kraftprodusentar er SFE sitt resultat og utbytte sensitivt for kraftprisen. Ein periode på nokre få år med låge prisar vil ikkje svekke SFE sin soliditet vesentleg. Dersom det vert lengre periodar med låge prisar vil lønsmda i investeringane bli svekka. Dette vil føre til at selskapet reduserer investerings-nivået slik at soliditeten ikkje vert for sterkt svekka. Reduserte kraftprisar vil føre til reduserte utbytte frå alle kraftprodusentar.

Totale årlege investeringar




Figuren viser årlege investeringar på til saman 13 milliardar fram mot 2040. Det staten bidreg med (refunderer) gjennom grunnrenteskatten er markert blått og SFE sin del er oransje.

SFE sin soliditet




Figuren viser soliditet (bokført eigenkapital-andel). Til tross for auka lånegjeld er soliditeten god (over 35%) og rimeleg stabil i heile planperioden. Selskapet treng ikkje ny kapital frå eigarane for å styrke soliditeten. SFE vil som sjølvstendig selskap også framover oppnå gode lånevilkår.

Verdjustert eigenkapital frå 2003 - 2024



Figuren viser SFE sin verdjusterte eigenkapital i perioden 2003 til 2024. SFE har hatt ein verdiauke på 156% sidan eigenkapital-emisjonen i SFE i 2016.


Årlege utbytte til eigarane



Figuren viser forventa årleg utbytte til eigarane i strategiperioden. Som sjølvstendig selskap vil SFE levere stabilt aukande utbytte. Allereie i 2034 er det forventa eit utbytte på 650 millionar kroner.

2. Kven er SFE?


SFE-konsernet er ein solid energiaktør med breitt eigarskap i regionen



*Viser framtidig eigarstruktur. Eigast p.t. av Sogn og Fjordane Energi AS



SFE har lokale røter og lang historie



I **1955** vart Vestlandske Kraftsamband etablert for å byggje ut overførings- og samkøyringslinjer på Vestlandet. Selskapet sitt hovudkontor vart etablert på Sandane.

I **1964** skipa Sogn og Fjordane fylkeskommune Sogn og Fjordane Kraftverk. Vestlandske Kraftsamband vart etter kvart avvikla. Det nye kraftselskapet samla fylket sine eigarinteresser- og fallrettar til vassdrag.

I perioden **2000-2003** kjøpte SFE Firdakraft og fusjonerte med Gloppen Elektrisitetsverk (GEV) og Ytre Fjordane Kraftlag (YFK). I 2001 selde Sogn og Fjordane fylkeskommune 40% av aksjane sine i SFE til BKK.

I **2010** kjøpte SFE vasskraftverka Svelgen 3 & 4, samt Straumane kraftverk, i lag med Tafjord og Sognekraft og danna selskapet Svelgen Kraft. I tillegg inngjekk ein ei leigeavtale for kraftverka Svelgen 1 & 2 med Statkraft.

I **2014** kjøpte Svelgen kraft Svelgen 1 & 2 frå Statkraft i byte mot andelar i Leirdøla Kraftverk.

I **2021** danna SFE saman med Tafjord, Tussa og Sognekraft, kraftselskapet Wattn.

I **2023** fusjonerte SFE sitt straumnettselskap Linja med Mørenett. Rasjonale bak fusjonen var at reduksjon i framtidig nettleige, høgare avkasting og utvikling av arbeidsplassar er positivt for kundar, eigarar og tilsette.

SFE har saman med deleigde selskap over 530 tilsette i 14 kommunar


Eit sjølvstendig og lokalt styrt SFE bidreg til utvikling av desse viktige arbeidsplassane med tilhøyrande ringverknadar i lokalsamfunna.

- **SFE** – 111 tilsette
- **Linja** – 300 tilsette (SFE 33,3%)
- **Wattn** – 52 tilsette (SFE 25,6%)
- **Eninvest** – 64 tilsette (SFE 40,3%)

Linja har likestilte forretningskontor i Gurskøy, Florø og Ålesund og tilsette på 14 lokasjonar.

Wattn har likestilte forretningskontor i Ålesund, Sandane og Ørsta og tilsette på 8 lokasjonar.


Eninvest har hovudkontor i Førde og tilsette på 4 lokasjonar.



SFE produserer straum frå 30 vasskraftverk og tre vindkraftverk



Svelgen I, II, III, IV, Fossekalen og Straumane



Øvre- og Nedre Markevatn, Leknesvatn og Grunnevatn

Stongfjorden og Oslandsbotn

Lutelandet

Åskåra I og II, Øksenelvane, Dauremål og Bjørndalen

Skogheim og Sagefossen

Innvik**

Strandtun (Hovudkontor)

Evebøfoss, Eidsfoss og Trysilfoss


Fossheim*

Stakaldefossen* og Jølstra*

Mel og Sværen



SFE sin årlege kraftproduksjon dekker forbruket til 120 000 heimar og skaper verdiar gjennom utbytte, skatt og støtte til lokalsamfunna. SFE lukkast godt med innovasjon, utvikling og verdiaukande aktivitetar



Leiinga i SFE er høgt utdanna og erfarne – ei god blanding av nyrekrutteringar og tilsette med lang fartstid i SFE

Martin Holvik
Leiar Økonomi og Finans

Martin byrja i SFE som controllar i 1997. Han har sidan hatt fleire ulike jobbar i SFE innan økonomiområdet. Han er utdanna siviløkonom og har tidlegare mellom anna arbeidd i kommunerevisjonen i Nordfjord. Martin kjem frå Sandane og bur på Sandane i dag.



Bjarte Lofnes Hauge
Leiar Kraftverk

Bjarte har jobba i SFE sidan 2011, mellom anna med automasjon, datainnsamling og ulike systemløyningar. Han har ein mastergrad innan målevitenskap og instrumentering frå Universitetet i Bergen. Bjarte kjem frå Sandane og bur på Sandane i dag.

Hilde Langtangen
Leiar Strategi og organisasjonsutvikling

Hilde starta i SFE i 2024. Ho er utdanna statsvitar ved NTNU, med tilleggsutdanning i arbeids- og organisasjonspsykologi. Ho har 20 års erfaring som leiar, prosjektleiar og konsulent i ulike bransjar. Hilde kjem frå Hof i Vestfold, og bur no på Nordfjordeid.



Bengt Haugnes
Leiar Energi og Marked

Bengt byrja i SFE i 2010. Han er sivilingeniør i Elkraftteknikk fra NTH og KU Leuven. Han har også bedriftsøkonomiutdanning frå TØH. Bengt har lang erfaring frå forskjellige stillingar innan kraftnæringa. Bengt kjem frå Trøndelag og har busett seg på Sørumsand.

Øystein Kristiansen
Leiar Digitalisering og IKT

Øystein er sivilingeniør i Teknisk Kybernetikk frå NTNU og har arbeidd i SFE sidan 2010. Han har jobba med digitalisering, systemutvikling og digital arkitektur i over 20 år. Øystein kjem frå Bergen, og bur no på Sandane.



Arild Bruland
Leiar Ny kraft

Arild er ingeniør innan bygg og anlegg. Han starta i SFE i 2013 og har tidlegare jobba 17 år i Veidekke Entreprenør. Arild kjem frå Utvik og bur no på Sandane.

Jannicke Lindvik
Leiar Kommunikasjon og samfunn

Jannicke har bachelor i Markedsføring, internasjonisering og ledelse frå Høgskulen i Østfold/BI Bergen, i tillegg til PR-ledelse og strategisk kommunikasjon frå BI Oslo. Ho starta si karriere som trainee i SFE i 2006. Jannicke er frå Ski, og bur no på Sandane.



Roger Flølo
Dagleg leiar i utviklingsselskapet Nyvinn

Roger er sivilingeniør i Elkraftteknikk frå NTH, med tilleggsutdanning innan kunstig intelligens frå MIT. Han har 25 års erfaring som leiar og prosjektleiar i og utanfor kraftnæringa. Han starta i SFE i 2024, og kom då frå stillinga som CEO i nLink. Roger er frå Breim og bur no på Sandane.

Knut Arild Flatjord
Konsernsjef og leiar for SFE Produksjon

Knut Arild er utdanna automasjonsingeniør og har ein mastergrad innan økonomi og leiing (MBA). Tidlegare var han regionsdirektør for GK på Vestlandet. Knut Arild kjem frå Stardalen, og er no busett i Førde.





*"Vi skaper den
fornybare framtida"
-111 dedikerte
tilsette som
bygger framtidens
fornybarselskap*



3. Korleis ser framtidsbiletet ut?

Globale trendar som klima, geopolitisk uro og digitalisering skapar både utfordringar og moglegheiter for energimarknaden i Noreg



KLIMA

Utsleppskutt hastar og ressursane er knappe

For å avgrense temperaturauken til 1,5 grader, må globale utslepp reduserast drastisk innan 2030 ⁽¹⁾.

Ressursar for å oppnå dette er knappe, og det krev ei omstilling til fornybare energikjelder. Dette gjev også moglegheit for grønt næringsliv og nye jobbar.



URO

Geopolitisk rivalisering påverkar Noreg

Høgt spenningsnivå og auka proteksjonisme påverkar energimarknadene globalt. Noreg, som ein stor produsent av fornybar energi, står ovanfor utfordringar knytt til politisk ustabilitet og endringar i handelsmønster. Høgt spenningsnivå og ei politisk dreieing mot høgre i Europa og verda skapar ei meir usikker tid for grøne ambisjonar.

Auka proteksjonisme kan føre til handelsbarrierer som påverkar eksport av norsk energi og teknologi, samstundes som det kan skape moglegheiter for å styrke nasjonal sjølvforsyning og innovasjon.



TEKNOLOGI

Kunstig intelligens overtar

Teknologiske framsteg, spesielt innan kunstig intelligens (KI), endrar raskt energisektoren. KI kan optimalisere energiproduksjon og forbruk, men det aukar også den digitale sårbarheita ⁽⁵⁾. Cyber-angrep på energi-infrastrukturen kan få alvorlege konsekvensar, og det er nødvendig med robuste tryggingstiltak.

Digitalisering kan både redusere og skape utslepp; medan smarte nett og energieffektivisering kan redusere karbonavtrykket, kan produksjon og drift av digitale einingar auke energiforbruket ⁽²⁾.



HØGT TEMPO I EU

Dobling av fornybar energi

EU har sett ambisiøse mål om å doble utbygginga av fornybar energi innan 2030, og bli uavhengige av russisk gass. Dette inneber ei betydeleg auke i investeringar i vind-, sol- og kjernekraft, samt tiltak for energisparing ⁽³⁾.

Politikken i Europa blir hyppig oppdatert for å følgje opp «Green deal», som har mål om å gjere Europa til verdas første klimanøytrale kontinent innan 2050. Desse tiltaka vil ikkje berre redusere utslepp, men også styrke energisikkerheita og skape nye arbeidsplassar i fornybarsektoren ⁽⁴⁾.

Politisk usikkerheit og lange konsesjonsprosessar utfordrar den grøne omstillinga på Vestlandet



POLITISK RISIKO

Kraftbransjen må leve med uføreseielege rammevilkår. Endringar i politiske prioriteringar og regelverk kan skape usikkerheit for investeringar i fornybar energi.

I nokre politiske miljø og i fagrørsla er samarbeidet med EU under press, noko som kan påverke Noregs energipolitikk og marknadstilgang (1). Det aukande etterslepet til EU kan skape uønskte spenningar med EU, spesielt når det gjeld oppfylling av klimamål og energisamarbeid (2).

Kommunane sin vetorett i vindkraftutbyggingar skaper meir politisk risiko, då lokale interesser ofte kjem i konflikt med nasjonale mål om auka fornybarproduksjon (3).



TIDKREVJANDE KONSESJONSPROSESSAR

Treige konsesjonsprosessar hindrar naudsynt akselerasjon i utbygging av fornybar kraft. Lang behandlingstid for konsesjonar kan forsinke viktige prosjekt og gjere det vanskelegare å nå klimamåla.

Dette aukar verdien av eksisterande konsesjonar, då nye prosjekt møter store byråkratiske hinder (4). For å møte framtidig kraftbehov må konsesjonsprosessane effektiviserast, slik at utbygging av fornybar energi kan skje raskare (2).



STOR KRAFTETTERSURNAD

I Vestland er kraftetterspurnaden meir enn 1,5 gonger dagens forbruk. Det er ein kraftig auke i etterspurnaden etter straum, spesielt frå nye industrietableringar og elektrifisering av transportsektoren.

Dei fleste førespurnadane om nytt stort forbruk ligg langs kysten eller i område med kraftunderskot (2).

Statnett meiner utbygging på Vestlandet hastar mest, og har peika på behovet for å styrke kraftnettet for å sikre stabil forsyning (3).













SVEKKA TILLIT

Dilemma mellom naturvern og utbygging skaper eit krevjande ordskifte. Konflikhtar mellom behovet for meir fornybar energi og vern av naturmiljøet fører til svekka tillit blant befolkninga. Motvilje til å bygge ut meir natur kan hindre nødvendige prosjekt for å møte framtidig energibehov.

Høge straumprisar har også bidrege til misnøye og skepsis til kraftforsyninga (4).

SFE si eksterne analyse viser at auken i kraftforbruk på grunn av omstilling til eit lågutsleppssamfunn vil krevje innsats på mange felt

<p>Meir uregulerbar kraft </p>	<p>Akselerasjon i nettutviklinga </p>	<p>Energieffektivisering </p>	<p>Kapasitetsutnytting i vasskraftanlegg </p>	<p>Effektivisering av konsesjonsprosessar </p>
<p>Ein treng ei sterk auke i kraftproduksjon frå vind og sol for å møte framtidens kraftbehov. Dette gjev kraftsystema nye utfordringar for å oppretthalde balanse.</p>	<p>Nettet er fullt i store delar av Noreg. Låg aksept for nettutbygging er ei barriere. Statnett legg opp til dobla investeringstakt i det norske nettet. Vestlandet harast mest.</p>	<p>Noreg har ambisjon om minst 20 TWh effektivisering innan 2030. Det er stort potensial for å redusere forbruk gjennom ulike tiltak. Investeringskostnad er ei barriere, og regjeringa vil styrke innsats gjennom ulike krav og støtteordningar.</p>	<p>Energikommisjonen ser det som realistisk at ein har vasskraftproduksjon som er 5-10 TWh høgare i 2030 enn det vi har i dag. Det er opprusting og utviding som vil gje høgast effekt.</p>	<p>Det tek mellom 6-12 år å få bygd ut ny vind-, vasskraft og transmisjonsnett i Noreg. Kommunane har fått ei sterkare rolle i prosessar om vindkraft-konsesjonar. Regjeringa har foreslege forenklingar i konsesjonsprosessane.</p>
<p>Balansere naturvern og energiutvikling </p>	<p>Meir fleksibilitet i kraftsystemet </p>	<p>Batteri og hydrogen blir nye fleksibilitetskilder </p>	<p>Digitalisering og ny teknologi </p>	<p>Handtere interessekonflikter </p>
<p>Energiproduksjon er arealkrevjande og skaper konflikt i heile Europa. EU sine krav om netto null arealbruk vil gjere inngrep i naturen vanskelegare og dyrare. Dette fører til stor usikkerheit rundt kor mykje som vil bli bygt.</p>	<p>Meir uregulerbar kraft i kraftsystemet gjev auka behov for både kortsiktig og langsiktig fleksibilitet. Dette krev at kraftselskapa må oppgradere magasinkraftverka til å yte meir effekt. Dette gjev auka fleksibilitet som er viktig for å utnytte kraftnettet best mogleg.</p>	<p>Batteri er ein kortsiktig fleksibilitetsteknologi som kan redusere tal timar med nullprisar eller negative prisar. Det er europeiske ambisjonar knytt til hydrogen, som langsiktig fleksibilitetsteknologi.</p>	<p>Det er venta sterk auke i automatisering og effektivisering. Kunstig intelligens tek over arbeidsprosessar. Dette betyr at den digitale sårbarheita vil auke.</p>	<p>Ein fragmentert og polariserande debatt er øydeleggjande for nye investeringar. Moglegheita for å få fram ny kraft er avhengig av lokalsamfunna si vilje til å leggje til rette for det.</p>

Rike naturressursar gjer Vestland til ein drivar for eit berekraftig næringsliv og det grønne skiftet


Vestland står for ¼ av norsk verdiskaping og for 49% av CO₂-utsleppa i Noreg. Dette betyr at Vestland står ovanfor ei stor omstilling for å få ned sine CO₂-utslepp. Fornybar energi er ei viktig løysing i å nå målet om 55% reduksjon i utsleppa innan 2030. Vestland fylke går i front og har eit ambisiøst mål om netto nullutslepp innan 2030.

Energiproduksjonen i Vestland står for 24% av Noregs totale kraftproduksjon. Det tilsvarar over 35 TWh i årleg produksjon ⁽¹⁾. Vestlandet sin tilgang på fornybar energi er avgjerande for det grønne skiftet. Våre rike ressursar innan vass- og vindkraft gjev store moglegheiter for å utvikle ein berekraftig industri. Tilgang på stabil og påliteleg energi er ein føresetnad for vekst og utvikling. For industri og næringsliv i Vestland er det avgjerande å ha tilgang til fornybar energi for å vere konkurransedyktige og tiltrekke seg investeringar. Dette er særleg viktig i ei tid der mange verksemdar og industriadar søker å redusere sitt karbonavtrykk. Elkem er eit godt døme på at tilgang på stabil og fornybar energi er avgjerande for konkurransevne og berekraftig drift.

Vestlandet har potensial for å bli ein leiande region innan grøn utvikling. Realisering av dette potensialet krev investeringar og utbygging av meir kraft. Grøn Region Vestland arbeider for å akselerere den grønne omstillinga av industrien i fylket, til dømes gjennom etablering av hubar, som Gloppen biohub og Hub Fjordbase. Hub-samarbeidet er ein viktig drivar for framtidig industriutvikling, og SFE bidreg inn i dette arbeidet.

SFE skal bidra til at Vestland fylke når sine mål og det skal vi gjere gjennom å fortsette med å bygge ut meir fornybar energi på lag med naturen og til det beste for lokalsamfunnet.

Innmeldt ny produksjon og forbruk hos Statnett (MW)



Statnett og nettselskapa opplev stort trykk på nye tilknytnings saker for auka forbruk av kraft i Vestland. Sjølv om det også er stor interesse for ny kraftproduksjon i regionen, er gapet mellom ønska framtidig forbruk og planlagt ny produksjon mellom 12 og 24 TWh ⁽¹⁾. Figur frå Vestlandsporteføljen 2.0.

4. ■ Korleis møter eit sjølvstendig SFE framtida?

SFE – Kraft til å vekse!

Sogn og Fjordane Energi har i over 100 år vore ein viktig aktør i produksjonen av fornybar energi til samfunnet gjennom rein vasskraft. Historia vår er tett knytt opp til utviklinga av regionen, der vi har skapt mange arbeidsplassar og generert store ringverknader i lokalsamfunna.

Vi har styrka lokal velferd og økonomi gjennom utbytte, skattar og avgifter, noko som har vore til nytte for heile regionen.

No står vi framfor ein ny æra med eit ambisiøst, men oppnåeleg mål om å auke kraftproduksjonen frå dagens 2,4 TWh til 4 TWh innan 2040. Dette er eit mål som ikkje berre vil sikre framtidig energiforsyning, men også styrkje SFE sin posisjon som ein sjølvstendig kraftprodusent. Med god soliditet, vasskraftskompetanse i verdsklasse og mange konkrete prosjekt på gang, har vi dei nødvendige ressursane til å realisere denne veksten. Utbygging av Nye Øksenelvane Kraftverk startar våren 2025. Dette er eit ferskt døme på at vi på eigen kjøll realiserer store og viktige fornybarprosjekt. Utbygginga har eit budsjett på 1,23 milliardar kroner og skapar store ringverknadar.

Samtidig er det eit klart mål å fortsette å levere gode årlege utbytte som gjer SFE til ei attraktiv investering for eigarane våre.

Denne delen av rapporten tar føre seg korleis SFE heilt tydeleg klarer å oppretthalde og styrkje sin posisjon som sjølvstendig aktør i energimarknaden. Samtidig sikrar vi ei berekraftig utvikling for både selskapet og regionen.


SFE – vi skaper den fornybare framtida!



*Knut Arild Flatjord
Konsernsjef SFE*

Ny strategi viser at SFE skal oppretthalde og styrke posisjonen som sjølvstendig aktør i energimarknaden framover


 **4 TWh**
SFE ledestjerne 2040



Som sjølvstendig selskap har SFE løfteevne til å gjennomføre lønsame investeringar for å nå målet om 4 TWh innan 2040



Totale årlege investeringar



13 milliardar kroner skal investerast i perioden 2025-2040



Ny produksjonskapasitet
11 000 millionar kroner



Rehabilitering
1 200 millionar kroner




Berekraftsinvesteringar
600 millionar kroner



Andre investeringar
50 millionar kroner

Utvikling i lånegjeld




Begrensa auke i lånegjeld

Gjennom grunnrenteskatten for vass- og vindkraft finansierer staten omlag 50% av dei samla investeringane (57,7% på stor vasskraft og 32,1% på vindkraft) ⁽¹⁾. Staten sin del av investeringane og eigenfinansiering gjennom god drift, gjer at SFE har ei forsvarleg utvikling av lånegjelda i perioden.

For SFE er det naturleg å bruke obligasjonsmarknaden for finansiering av investeringane. Dersom det skulle bli nødvendig kan SFE alternativt selje eigedelar som er i randsona av kjerneverksemda.

Soliditet



SFE er eit solid selskap i heile strategiperioden

Figuren viser SFE sin soliditet (bokført EK-andel). Til tross for store investeringar er soliditeten god (over 35%) og rimeleg stabil i heile strategiperioden. Selskapet treng ikkje ny kapital frå eigarane for å styrke soliditeten.


Med tanke på lånevilkåra SFE har (såkalla covenants), viser berekningane at ein med den forventa utviklinga og auka låneopptak tilfredstiller krava med god margin.

SFE vil som sjølvstendig selskap også framover oppnå gode lånevilkår.

Forventing om høgare kraftprisar, auka produksjon og høgare verdi på fleksibel produksjon vil gje resultatauke



Årleg resultat⁽¹⁾




Vesentleg resultatauke som følgje av auka kraftpris og auka produksjon

Figuren viser utvikling i SFE sitt resultat basert på felles tredjepart sine føresetnader som er lagt til grunn for konsekvensutgreiing⁽¹⁾.

I perioden 2025-2034 er det forventa at auke i kraftpris, meir produksjon samt aukande verdi av effekt og systemtenester gjev vesentleg auke i resultata.

Akkumulert resultat fram til 2034 er 8,9 MRD og 16,1 MRD fram til 2040.

Sensitivitet⁽¹⁾



Sensitivitet

Resultatet til SFE er sensitivt for endringar i kraftprisen. Felles tredjepart har i si verdsetjing berekna resultat gitt ulike scenario med ulike prisbaner.

Høgpris-scenario (grøn linje) gir akkumulert resultat på 10,9 MRD fram til 2034 (+22%) og 19,6 MRD (+22%) fram til 2040.

Lågpris-scenario (raud linje) gir akkumulert resultat på 6,7 MRD (-25%) fram til 2034 og 12,6 MRD (-22%) fram til 2040. Her er det lagt til grunn ei anna prisbane med større differanse mellom prisutviklinga i NO3 og NO5. I motsetnad til dei to andre scenario er det ikkje lagt til grunn vekst i meirverdiar i perioden (2024-nivå er vidareført).

8,9 MRD

Akkumulert resultat
2025-2034

16,1 MRD

Akkumulert resultat
2025-2040

Utfordringar og SFE sine tiltak for å møte dei


Alt er avhengig av kraftpris i vår bransje. Den påverker resultat, utbytte og lønsemd i vidare vekst. Lågare kraftpris vil gje lågare utbytte og lågare løfteevne. Om kraftprisen skulle bli vesentlig lågare enn det som er lagt til grunn i strategien, er dette eit signal om lågare etterspurnad og lågare betalingsvilje for kraft. Då vil det vere naturleg å senke tempoet i utbygging av ny produksjon.

Dersom kapitalmarknaden utviklar seg slik at tilgang på finansiering vert vanskelegare kan det føre til utfordringar med å sikre nødvendig kapital for framtidige investeringar og prosjekt. SFE har tilgang til og nyttar fleire finansierings- kjelder som banklån både i norske og nordiske bankar og obligasjonsmarknaden. SFE er i dag og har som målsetting å vere eit såkalla "investment grade" selskap. SFE kan skaffe seg ei offisiell kreditt-rating som stadfestar selskapet sin status som "investment grade"-selskap, noko som gjev større og breiare tilgang til ulike kapitalmarknader, særleg obligasjonsmarknaden. SFE kan også vurdere sal av verksemd som er i randsona av kjerneverksemda.

Forventing om høgare kraftprisar, auka produksjon og høgare verdi på fleksibel produksjon vil gje høgare utbytte til eigarane



Årleg utbytte⁽¹⁾




Årlege utbytte aukar frå 200 til 650 millionar i løpet av dei neste 10 åra (2034)

Figuren viser utvikling i forventa årleg utbytte frå SFE til eigarane. Ny utbyttepolitikk gjer at ein større del av resultatet vert utbetalt som utbytte.

Det auka utbyttet i perioden 2025-2034 klarer SFE å betale ut, samtidig som selskapet klarer å gjennomføre dei planlagde investeringane utan at det svekkjer selskapet sin soliditet. Etter det vert utbytte stabilisert på eit høgt nivå.

Akkumulert utbytte fram til 2034 er 4,3 MRD og 8,5 MRD fram til 2040.

Sensitivitet⁽¹⁾



Sensitivitet

Utbytte er avhengig av resultatet, som igjen er sensitivt for endring i kraftpris. Felles tredjepart har i si verdsetjing berekna utbytte gitt ulike scenario med ulike prisbaner.

Høgpris-scenarion (grøn linje) gir akkumulert utbytte på 5,5 MRD fram til 2034 (+28%) og 10,6 MRD (25x%) fram til 2040.

Lågpris-scenarion (raud linje) gir akkumulert utbytte på 3,3 MRD (-23%) fram til 2034 og 6,6 MRD (-22%) fram til 2040. Her er det lagt til grunn ei anna prisbane med større differanse mellom prisutviklinga i NO3 og NO5. I motsetnad til dei to andre scenarion er det ikkje lagt til grunn vekst i meirverdiar i perioden (2024-nivå er vidareført).

4,3 MRD

Akkumulert utbytte
2025-2034

8,5 MRD

Akkumulert utbytte
2025-2040

Ny utbyttepolicy vedteken 2024

Retningsgjevande policy for utbytte tek utgangspunkt i konsernet sitt resultat etter skatt. Utbyttet vil bli berekna slik som dette:


Majoriteten sin andel av SFE-konsernet sitt resultat etter skatt
+/- (urealiserte verdiendringar og salsvinst/-tap etter skatt
- resultat frå TS + utbytte frå TS
= $\frac{\text{Sum utbyttegrunnlag} \times 70\%}{\text{Årets utbytte}}$

Styret tek uavhengig av dette sikte på å betale ut eit minimumsutbytte på 150 millionar i år der utbyttet etter modellen blir lågare. Ved utbetaling av minimumsutbytte kan differansen mellom utbyttemodellen sitt berekna utbytte og minimumsutbytte trekkast frå påfølgjande års utbytte. Styret vil alltid gjere ei vurdering av kva som er forsvarleg utbytte og vil derfor kunne avvike frå modellen når det er grunnar for dette.

Verdien på SFE har auka over tid. Portefølja med nye og lønsame kraftprosjekt vil gje ytterlegare verdiauke på selskapet i tida framover



Verdijustert egenkapital fra 2003 - 2025




Forventa verdiauke på SFE-aksjane

Avkastning for eigarane består av utbytteutbetalingar og verdiendring på SFE-aksjane. Figuren viser verdi på eigenkapitalen i SFE ved ulike tidspunkt/hendingar:

1. Ved etablering av konsernet (etter fusjon med YFK)
2. Verdivurdering ifm. emisjon (alle eigarar deltok med unntak av Eviny)
3. Verdivurdering ifm. avbroten fusjonsprosess mot Sunnfjord Energi
4. Verdivurdering ifm. fusjonsutgreiing SFE og Eviny

Verdiauke frå 2016 (emisjonstidspunktet) og utbetalt utbytte i perioden gjev ei berekna gjennomsnittleg avkastning for eigarane på 156% i perioden. Verdien av SFE si utbyggingsportefølje vil gje eigarane ytterlegare auka verdi.

Total avkastning 2017-2023



Årleg avkastning inkludert utbytte på 22%

Sidan emisjonen i 2016, der dei fleste aksjonærane tilførte eigenkapital som delfinansiering av Østerbø kraftverk, har den totale verdiauken for SFE-aksjonærane vore 156%. Dette er summen av verdistiging og utbytte i perioden. Gjennomsnittleg årleg aritmetisk avkastning på eigarane si investering i SFE har vore 22,3%. Til samanlikning har gjennomsnittleg årleg avkastning på Oslo børs vore 12,7%, og dersom eigarane hadde plassert midlane i lågrisiko obligasjonsfond ville årleg avkastning vore 2,2%. Gjennomsnittleg årleg geometrisk avkastning (hensyntek rentersrente effekt) har vore 14,6%.

Verdivurderinga frå felles tredjepart viser at SFE er ei svært lønsam finansiell investering for eigarane. I tillegg bidreg SFE med fornybar energi, aktivitet i lokalsamfunna og arbeidsplassar.


SFE har auka produksjonen med over 400 GWh dei siste fem åra, og er blant dei ti beste i landet på å få fram ny kraft




Dei siste fem åra har SFE fått fram 400 GWh med ny fornybar energi ⁽¹⁾, og i oktober 2024 vedtok styret å bygge Nye Øksenvane Kraftverk. Dette er eit kraftverk som gjev ein effektauke på 82 MW og 23 GWh i ny energi. I tillegg vil vi bygge ut Insteelvane kraftverk i same vassdrag. Dette kraftverket vil gje ytterlegare 8 MW effekt og 14 GWh i ny fornybar kraft.

SFE var også avgjerande for at både Jølstra og Østerbø vart bygde. Jølstra vart bygd ut saman med Sunnfjord Energi med eit 50/50 eigarskap. Sunnfjord Energi sin andel vart overtatt av Eviny etter fusjonen mellom dei to selskapa. SFE eig 58% av Østerbø og har eigarskap til fallrettar og konsesjonar. Eviny har ein 42% medeigarrett i kraftverket. Svelgen Kraft er eit anna døme på samarbeid som SFE har lang erfaring med. Der eig ein kraftverka i Svelgen saman med Sognekraft og Tafjord. Dette syner at samarbeid om felles kraftutbygging er ei godt alternativ og noko SFE har både lang og god erfaring med.

Rangering av produksjonsselskap i Norge etter utbyggingsvolum siste 5 år
Vasskraft og vindkraft prosjekt (nybygg + rehab) - kjelde NVE database



Totalt 400 GWh ny fornybar energi siste 5 år (+20%)



God tilgang på kraftprosjekt og fleksibilitet til å produsere kraft når behovet er størst gjev SFE og eigarane meirverdiar ein tidlegare ikkje har hatt



Nye vass- og vindkraftprosjekt

Tabellen viser SFE si prosjektportefølje fram mot 2040. Det at SFE eig fallrettar og fleire konsesjonar allereie er på plass, gjer portefølja robust, og målsetjinga om 1,6 TWh ny produksjon innan 2040 er realistisk og oppnåeleg.

Portefølja viser dei prosjekta som er aktuelle no, og som er relevante for å ta oss til 4 TWh innan 2040. På lenger sikt finst det også fleire potensielle vass- og vindkraftprosjekt som ligg i vår moglegheitsportefølje, slik at dersom nokon av dei nemnte prosjekta fell bort vil vi ha moglegheit til å realisere andre prosjekt. Vår samla portefølje er på over 2,5 TWh med prosjekt innan vass- og vindkraft.

Ein del av prosjekta er også såkalla effektprosjekt, som til dømes Bredvatn og Nye Øksenvane. Bredvatn er for øvrig det største ubygde vasskraftverket i Noreg med konsesjon, og Nye Øksenvane blir no det største vasskraftverket under bygging i Noreg*. Begge prosjekta er heileigde og vert styrt av SFE.

I eit kraftsystem som består av stadig meir uregulerbar kraft, vil det vere avgjerande å auke effektinstallasjon som gjev fleksibilitet til å produsere kraft når behovet er størst og prisane er høgast (1). Å utnytte denne prisvariasjonen gjev SFE og eigarane meirverdiar som ein tidlegare ikkje har hatt.

80% av vår vasskraftportefølje er regulerbar, og desse moglegheitene har stor framtidig verdi for våre eigarar og for samfunnet.

Prosjektportefølje med 1,6 TWh ny produksjon

Prosjekt	I drift	Fallrett	Konsesjon
Nye Øksenvane	2028	Ja	Ja
Insteelvane	2028	Ja	
Bredvatn	2029	Ja	Ja
Ommedal	2029	Ja	Ja
Gjengedal	2031	Ja	
Norddal	2032	Ja	
Randalen	2033	Ja	
Skaddalen	2033	Ja	
Svartevatn	2033	Ja	
Skisseprosjekt (vasskraft)	2033	Nei	
Skaddalsvatn	2035	Ja	
Frøysadal	2037	Nei	
Olivin (vindkraft)	2034	Nei	
Skisseprosjekt (vindkraft)	2036	Nei	
Skisseprosjekt (vindkraft)	2037	Nei	
Skisseprosjekt (vasskraft)	2040	Ja	

SFE har det som skal til for å auke kraftproduksjonen med over 70%, og bidra til å nå Vestland fylke sitt klimamål




Noreg og Vestlandet treng store mengder fornybar energi fram mot 2050. Med dei endringane som SFE-konsernet har vore gjennom dei siste åra, har ein no spissa seg mot kraftproduksjon. Dette for å fokusere kapital og ressursar mot nettopp å få fram meir fornybar energi. Samanslåinga av Linja og Mørenett frigjorde kapital for SFE som kan investerast i ny fornybar kraftproduksjon.

SFE har ei god prosjektportefølje på over 2,5 TWh med nye moglegheiter. Innan vasskraft har vi over mange ti-år erverva fallrettar som har gjort at vi alltid har hatt moglegheiter til få fram ny fornybar energi når tida er rett for det.

For å realisere ny kraftproduksjon og elektrifisering er det avgjerande at det vert investert i heile linjenettet. SFE valde i 2023 å fusjonere nettselskapet til det som no er Linja AS. Selskapet, som er det sjuande største i tal kundar i Noreg (1), skal dei neste fem åra investere omlag 4,5 milliardar. Desse prosjekta vil bidra til fornying og oppgradering av både regional- og distribusjons-nett til selskapet.

Total kraftproduksjon fram mot 2040



Utfordringar og SFE sine tiltak for å møte dei

Lokal aksept er avgjerande for alle kraftutbyggingsprosjekt. Auka merksemd rundt vern av natur gjer det meir utfordrande for aktørar i kraftbransjen å sikre støtte frå lokalsamfunna. Konflikten mellom behov for meir fornybar energi og bevaring av naturområde krev nøye balansering og dialog med påverka partar. Tidleg involvering av vertskommunar, fokus på varige verdiar og godt samspel med lokalsamfunna er nokon av tiltaka SFE nyttar for å ivareta lokal aksept.

Nok kapasitet og kompetanse vil vere kritisk for å sikre vellukka prosjekt i framtida. SFE har strategiar for å ivareta kritisk kompetanse i det komande generasjonsskiftet, og prioriterer dette området høgt for å vere i forkant av moglege utfordringar. Likevel kan det vere ein risiko for at ein ikkje får tak i nødvendig kompetanse i framtida.

Manglande nettkapasitet og langvarige konsesjonsprosessar kan potensielt hindre SFE i å levere på samfunnsoppdraget, og gjere at SFE ikkje får realisert prosjektporteføljen på ein jamn, styrt og kontrollert måte. Dette kan påverke kostnad og kvalitet. SFE har tilstrekkeleg tal prosjekt i portefølja til å kunne ha eit jamt utbyggingspådrag fram til 2040, og vil arbeide aktivt for å ta fram nye prosjekt.

Kraftbransjen må leve med uføreseielege rammevilkår som kan påverke ønska vekst. Endringar i politiske avgjerder, reguleringar og marknadsforhold skaper usikkerheit. Det er derfor avgjerande å vere fleksible og omstillingsdyktig for å navigere i eit skiftande landskap. Historisk har SFE sitt samarbeid med andre aktørar og bransjeorganisasjonar gitt gode resultat (ref. høgprisavgift og skatt på vindkraft).

SFE sine 111 tilsette arbeider i 5 kommunar, og bur i 13. Til saman har dei brei kompetanse på mange ulike nivå som bidreg til å realisere våre vekstambisjonar



Oppmøtekommunar



Gloppen
(82)



Bremanger
(20)



Sogndal
(6)



Fjaler
(<5)



Kinn
(<5)

Bustadskommunar



Gloppen



Bremanger



Sogndal



Fjaler



Kinn



Stad



Stryn



Sunnfjord



Voss



Volda



Lillestrøm



Sula



Asker

Over 40 stk med fagbrev og/eller fagskule innan ulike fagfelt:



- Elkraft
- Maskin
- Energioperatør
- Energimontør
- Elektrikar
- Automatikar
- Tømrrar
- Mekanikar
- Rørleggjar
- Anleggsteknikk
- Bygg

Over 30 mastergradar innanfor fagfelt som:



- Teknisk kybernetikk
- Statsvitenskap
- Siviløkonom
- Målevitenskap og instrumentering
- Elkraft
- Naturforvaltning
- Leiting og økonomi (MBA)
- Revisjon og regnskap
- Fornybar energi
- Teknologi
- Bygg- og miljøteknikk
- Matematikk og statistikk
- Elektro
- Medievitenskap
- Konstruksjonsteknikk
- Meteorologi
- Vindenergi

Over 30 bachelorgradar innanfor fagfelt som:



- Data / IKT
- Systemutvikling
- Marknadsføring
- Fysikk
- Bygg og konstruksjonsteknikk
- Maskin- konstruksjon
- Telematikk
- Automasjon
- Teknisk samfunnsplanlegging
- Økonomi og administrasjon
- Geovitenskap
- Matematikk
- Samanliknande politikk
- Elkraft

1 doktorgrad innanfor miljø/økologi



I tillegg har fleire tilsette **ei rekkje tilleggstudningar** innafor t.d. strategi, leiting, økonomi, kommunikasjon, organisasjonspsykologi mv.



SFE lukkast godt med rekruttering som gjev påfyll av kapasitet og kompetanse til framtidias satsingar



SFE har lenge hatt eit strategisk fokus på rekruttering, og har dei siste to åra lukkast godt med påfyll av kapasitet og kompetanse til nye og viktige satsingar (t.d. døgnbemanna produksjonssentral, småkraft, digitalisering, og Nyvinn AS). Ein har også over fleire år jobba med å tilsette etterfølgarar til personar med kritisk kompetanse innan kjerneverksemda, som eit ledd i å møte generasjonsskiftet som heile bransjen står i.

Jobbsøkjjarar ser på SFE som ein attraktiv arbeidsgjevar. Vi lukkast med å rekruttere ettertrakta fagfolk frå andre attraktive selskap, frå eit breitt spekter av bransjar både nasjonalt og regionalt.

SFE sin styrke ligg i kompetente folk som jobbar tett saman på tvers av sine fagfelt. Eit vellukka døme på slikt verdiskapande samarbeid er bygginga av Østerbø kraftverk. Samspelet mellom konsesjonsprosess, prosjektleiing, ingeniør- og miljøkompetanse i dette prosjektet sikra eit topp moderne kraftverk tilpassa framtidias kraftsystem. Forsking viser at ulike perspektiv og kompetanse bidreg til meir kreative løysingar og raskare tilpassing til endringar (2). I tillegg rapporterer tilsette som arbeider i tverrfaglege team ofte høgare nivå av jobbtillfredsheit (2) – noko vår eigen medarbeiderundersøking også stadfester. Låg turnover er òg ein faktor som tilseier at tilsette har det bra i SFE. Sidan 01.01.23 er det 11 personar som har slutta, og 9 av desse på grunn av pensjonsalder.



33 nytilsetningar sidan
01.01.23



Får tak i ettertrakta og
erfarne folk



Over 1/3 av dei
nytilsette er
heimflyttarar eller
tilflyttarar



Nye leiarar rekruttert
inn via intern mobilitet
og eksternt



Deltok i regionale
ordningar for lærling
og trainear*



Tilsette tilrår andre å
jobbe i SFE (1)



Jobbsøkjjarar ser på
SFE som ein attraktiv
arbeidsgjevar



Under fem personar
har slutta sidan
01.01.23, av anna
grunn enn
pensjonsalder



Vellukka
etterfølgingsplanar for
å ivareta kompetanse



Skal auke kapasiteten
innan konsesjonar,
vindkraft og
teknologiutvikling



Satsar på utvikling
innan leiing,
prosjektleiing og
prosjektutvikling for
nybygg og rehab



Samspel mellom
fagfelta er avgjerande
for SFE sin suksess

SFE har over fleire år jobba strategisk med å møte generasjonsskiftet som heile bransjen står i



SFE lukkast med å bevare og utvikle kritisk kompetanse


Heile kraftbransjen står i eit generasjonsskifte. Ein heil generasjon med vasskraftkompetanse, som har vore med og bygd ut og drifta kraftverk gjennom dei siste 20-40 åra, er pensjonert eller i ferd med å bli det.

I SFE har ein jobba lenge med å møte denne utfordringa. Per i dag er det 16 tilsette over 61 år i SFE. 12 av desse har kritisk kjernekompetanse innan område som prosjektutvikling vasskraft, kraftverksdrift og økonomi. For 10 av desse 12 har SFE allereie på plass ein etterfølgjarplan, der nye, yngre (men stort sett godt erfarne) står i eit kompetanseoverføringsløp.

Mange av desse «nye» har vore i SFE i nokre år allereie, og har fått jobbe saman med våre svært erfarne ressursar på fleire konkrete og store utbyggingsprosjekt innan både vatn og vind (Jølstra, Østerbø, Lutelandet). No står vi ovanfor nok eit stort utbyggingsprosjekt (Øksnelvane) der vi får moglegheita til å køyre etterfølgjarplanar med tilstrekkeleg lang overlappingsperiode. Det å få følgje erfarne tilsette gjennom langvarige prosjekt er eit viktig kompetanseoverføringstiltak. I tillegg er utvikling av beste praksis eit avgjerande tiltak for å sikre kvalitet og overføre kompetanse.

Døme på fagområde der vi har klart å skaffe erfarne erstattarar for dei som etter kvart pensjonerer seg er: Prosjektering, VTA (vassdragsteknisk ansvarleg), økonomi/controlling (statsautorisert revisor), maskiningeniørkompetanse, elektro- og automasjonsarbeid, miljøkompetanse (doktorgrad), og dataanalyse.

SFE har mange erfarne tilsette i midten av karriera si



Utfordringar og SFE sine tiltak for å møte dei









Kampen om talenta i distriktet: Rekruttering er ei generell utfordring for både private og offentlege verksemdar i vår region, og gjeld mange kompetanseområde, t.d. teknologi, digitalisering, økonomi/rekneskap og fagarbeidarar. Det er og ein trend at yngre generasjonar av arbeidstakarar gjerne skiftar jobb oftare enn før. SFE må derfor fokusere kontinuerleg og systematisk på å utvikle seg som arbeidsgjevar, for å møte framtidens arbeidstakarar sine behov og forventningar. Det blir viktig å vere god på «employer branding» strategi framover, likeins å klare og planlegge for framtidens kompetansebehov.

Vidare **digitalisering og utnytting av teknologi** blir ein viktig del av dette. SFE har bygd opp ei sterk digital plattform innan krafthandel og overvåking av kraftverk siste tiåret, og ligg langt framme. Bransjen utviklar seg raskt, og for å kunne satse vidare må SFE sikre kontinuitet i sine digitale utviklingsprosjekt framover. Ei styrking av området med noko meir kapasitet og overlappande kompetanse kan vere eit naturleg steg.

Skalering av kompetanse kan òg vere ei utfordring, men med langsiktig planlegging kan ein møte denne. Kraftutbygging tek tid, så ein har gjerne betre moglegheit til å skalere opp i tide enn i andre bransjar.

5. Korleis leverer SFE på samfunnsoppdraget?

Åtte område der SFE leverer på samfunnsoppgdraget

	Verdiskaping	Løfteevne som gjer at vi kan gjennomføre nødvendige investeringar og utvide produksjonskapasiteten, samstundes som vi sikrar god verdiskaping for eigarar og lokalsamfunn.
	Samarbeid	I SFE jobbar vi tett saman og på tvers i organisasjonen for å oppnå resultat. Det har vist seg å vere ei styrke både fagleg og når det kjem til effektivitet.
	Fagmiljø	Vasskraftkompetanse og eit tilpassingsdyktig arbeidsmiljø der spesialkompetanse vert verdsett og vidareutvikla.
	Vekst	Langsiktig arbeid over mange år har skapt ei stor prosjektportefølje bestående av nye kraftverk, effektoppgraderingar i eksisterande anlegg og nye kraftverk i allereie utbygde vassdrag.
	Fleksibilitet i kraftproduksjonen	Dei fleste av SFE sine store vasskraftverk har god reguleringsevne. Det gjer SFE godt rusta til å møte det auka behovet for balansering av kraftsystemet.
	Forsyningstryggleik	Tilsette med god lokalkunnskap og kort geografisk avstand til anlegga gjev kort responstid, og rask og effektiv handtering ved feilsituasjonar. Samhandling med lokale nettselskap.
	Næringsutvikling	SFE får fram nye næringar og grøn teknologi, som kuttar utslepp, betrar miljøet og skaper nye grønne arbeidsplassar.
	Utdanning	SFE er ein pådrivar for kunnskap og kompetanseheving lokalt. Tilgang på høg kompetanse gjev oss moglegheiter til å rekruttere dyktige fagfolk som kan drive energinæringa framover, og er vesentleg for utvikling av regionen som heilskap.



Verdiskaping



SFE har eit solid økonomisk fundament, noko som mellom anna viser seg gjennom tilgang til langsiktig finansiering som grønne lån i obligasjonsmarknaden. Dette sikrar gunstig finansiering av investeringar i ny kraftproduksjon mellom anna basert på eksisterande kraftverk og fallrettar selskapet disponerer.

SFE si evne til å realisere ny fornybar kraft har selskapet vist dei siste åra gjennom bygging av Østerbø og Jølstra vasskraftverk (saman med Eviny) og Lutelandet vindkraftverk. Selskapet er godt posisjonert for vidare utviding av produksjonskapasiteten, kombinert med at eigarane vil motta gode utbytter frå selskapet.

SFE er eit robust selskap finansielt og har tilsette med kompetanse og gjennomføringsevne. Vår produksjonskapasitet har dobla seg frå 1,2 TWh til 2,4 TWh sidan 2007.

Dette gjer at SFE er godt posisjonert til å også i framtida oppfylle samfunnsoppdraget: Berekraftig forvaltning av naturressursane for produksjon av fornybar energi, kombinert med god verdiskaping for våre eigarar og lokalsamfunn. SFE si langtidsprognose fram til 2040 viser at eigarane kan vente seg 8,7 milliardar i utbytte i denne perioden samstundes som SFE skal investere 13 milliardar i nye anlegg som skal produsere fornybar energi.





Samarbeid



Det tette bandet mellom leing og tilsette i SFE fremjar ei sterk fellesskapskjensle. Historisk har samarbeidet mellom leing og tillitsvalde vore godt, og tilsette si moglegheit til å bidra direkte til SFE si utvikling skaper eit miljø der dei kan føle seg verdsette og motiverte. Den gode kontinuiteten blant tilsette er eit teikn på ein arbeidsplass der folk trivast.

Måten vi jobbar tett saman og på tvers i organisasjonen for å oppnå resultat – har vist seg å vere ein styrke både fagleg og når det kjem til effektivitet. Fordi vi er tett på kvarandre sine fagfelt i kvardagen, får vi til raske prosessar for å teste løysingar, gje tilbakemelding og gjere forbetringar.

SFE har ein lang og stolt tradisjon for samarbeid i utviklinga av vasskraftprosjekt, med vellukka partnerskap gjennom prosjekt som Østerbø, Jølstra og Svelgen Kraft. Gjennom samarbeid med sterke aktørar som Sognekraft, Eviny, Tafjord og Tussa har vi bygd eit solid fundament for å møte framtidens kraftbehov.

SFE er posisjonert som ein sentral aktør i utbygginga av fornybar energi på Vestlandet, og vi har utbyggingsmoglegheiter til å gjere ein betydeleg forskjell. Vår erfaring med å gjennomføre komplekse prosjekt i tett samarbeid med andre energiselskap er ein styrke som kjem eigarar og storsamfunnet til nytte. Å bygge ut ny kraft handlar ikkje om at ein må vere stor, det handlar om å vere ein del av eit fellesskap som, når det høver seg slik, kan samarbeide til det beste for Vestland og Noreg for å levere på vårt felles samfunnsoppdrag – å få fram meir fornybar energi!



Samling med Fornybar Norge: F.v Terje Bakke Nævdal (Sognekraft), Johannes Rauboti (SFE), Åslaug Haga (Fornybar Norge), Erik Espeseth (Tafjord Energi), Elling Dybdal (Tussa Kraft), Knut Arild Flatjord (SFE).



Fagmiljø



SFE har vasskraftkompetanse i verdensklasse. Vi arbeider kontinuerleg med strategisk rekruttering og vidareutvikling av våre tilsette. Vi står no midt i eit generasjonsskifte, og har over lang tid jobba aktivt for å sikre overlapping og kompetanseoverføring mellom dei som er på tampen av yrkeslivet og yngre tilsette.

Kraftsystemet har aukande behov for balansering, og her spelar vi som kraftprodusent ei vesentleg rolle. Vi har i fleire år arbeidd med profesjonalisering av produksjonsplanlegging og agering på ulike marknadsplassar. Få andre kraftprodusentar i Noreg har ein sentral som både styrer produksjonen og omset kraft og balanserings-tenester gjennom heile døgnet. Dette bidreg både til å dekke kraftsystemet sine behov og gjev auka verdiskaping for eigarane våre.

SFE har kjernekompetanse i eige hus, og vi er ikkje redde for å gå nye vegar. Tverrfagleg kompetanse og evna til å gjennomføre større digitaliseringsprosjekt er grunnen til at SFE var det første kraftselskapet i Noreg med ei programvare godkjent for Statnett sin nye marknadsplass for regulering av kraftproduksjon. Dette er ei programvare SFE har utvikla på eiga hand. Slik skaper vi gode fagmiljø og spennande arbeidsplassar i lokalsamfunna våre

SFE har eit tilpassingsdyktig arbeidsmiljø der spesialkompetanse vert verdsett og vidareutvikla.





Vekst



SFE har jobba målretta med nye kraftprosjekt over mange år. Dette har gjeve SFE både konsesjonar og fallrettar. SFE har derfor ei stor prosjektportefølje som gjev moglegheiter til å realisere ei rekkje prosjekt i åra framover. Dette gjeld heilt nye kraftverk, effektoppgraderingar i eksisterande anlegg og nye kraftverk i allereie utbygde vassdrag.

Døme på dette er:

- Nye Øksenelvane Kraftverk er eit nytt effektkraftverk med byggestart våren 2025.
- Bredvatn Kraftverk er det største utbygde vasskraftverket i Norge med konsesjon
- Gjengedal Kraftverk, her har SFE fallrettar
- Norrdalsvassdraget, her har SFE fallrettar
- Fjordane Biogass på Byrkjelo
- Hyfuel i samarbeid med Hyds og Fjord Base i Kinn

SFE har gjennomført store kraftutbyggingar i eigen regi i regionen dei siste åra. Eksempel på dette er Lutelandet og Østerbø Kraftverk. I tillegg deltok vi som utbyggingspartner i Jølstra Kraftverk. Østerbø og Jølstra i godt samarbeid med Eviny. Eit erfarent prosjektmiljø gjer at SFE er godt rusta til å utføre framtidige investeringar i fornybar energi.

Ein viktig føresetnad for elektrifisering og ny kraftutbygging er investeringar i linjenettet. Linja AS, der SFE er ein av eigarane, skal dei neste 5 åra investere om lag 4,5 milliardar. Desse prosjekta vil ofte også bidra til fornying og oppgradering av eksisterande nett.

Nærvær i regionen gjev SFE lokal aksept, som er avgjerande for realisering av framtidige prosjekt.





Flexibel kraftproduksjon



Meir uregulerbar kraftproduksjon og endra forbruksmønster med raskare endringar gjer at behovet for balansering av kraftsystemet frå store regulerbare vasskraftverk aukar.

Dei fleste av SFE sine store vasskraftverk er godt rusta til denne oppgåva. Over 70% av vår samla kraftproduksjon og over 60% av samla effekt, har utløp rett i sjø. Det medfører at ein kan køyre kraftverka friare, utan at det har negative miljømessige konsekvensar.

SFE har òg over fleire år satsa på utvikling av eigne system og programvare for å optimalisere verdiskapinga i balansemarknadene. Kraftverka og agering i balansemarknaden vert operert frå vår nye døgnbemanna produksjonssentral, noko som har gjort at vi har skapt godt over 100 millionar kroner i meirverdiar i 2023. I første halvår 2024 har vi skapt om lag 25% i meirverdiar utover grunnkraftpris. Dette syner verdien av fleksibilitet og kor godt rusta SFE er for å hente ut disse meirverdiane.

Trass i at SFE har det meste av produksjonen i eit prisområde (NO3) med lågare prisar enn lenger sør og aust i landet, oppnådde vi ein snittpris fra kraftproduksjonen som var omlag 10 øre/kWh høgare enn gjennomsnittsprisen i området. Den døgnbemanna produksjonssentralen er ei årsak til dette. Den har profesjonalsert måten vi styrer kraftproduksjonen på, og korleis vi omset krafta på ulike marknadsplassar. Vi produserer mest når vi får best pris for vatnet i magasinane våre. I tillegg får vi betalt for å bistå Statnett gjennom å produsere meir eller mindre kraft når kraftsystemet treng det. Slik bidreg vi med å balansere straumnettet og samstundes skape meirverdiar.

Det er få andre samanlignbare kraftprodusentar i Noreg som har ein døgnbemanna sentral som både styrer produksjonen og omset krafta 24/7. Dette har allereie gitt auka verdiskaping for eigarane våre.





Forsyningstryggleik



Som kraftprodusent og medeigar i Linja har vi eit ansvar for å bidra til å sikre forsyningstryggleik og beredskap. Derfor er det avgjerande å ha tilsette med god lokalkunnskap busette nær anlegga samt god samhandling med det lokale nettselskapet. Dette sikrar kort responstid, og ei rask og effektiv handtering ved feilsituasjonar.

Vi utfører mykje av arbeidet i anlegga våre sjølve, også i større prosjekt. I 2024 har vi gjennomført hovudrevisjon i Svelgen 4, der vi samla leverte over 12 årsverk til prosjektet. Dei tilsette kjenner kraftverka godt, og uttrykker eit sterkt eigarskap til miljø, maskiner, utstyr, bygg og område. Vi har lojale tilsette med vilje til å stille på ved behov.

Vår organisasjonsstruktur med korte avgjerdsvegar, i samspel med ein døgnbemanna produksjonssentral som kontinuerleg styrer og driftar anlegg og vassdrag i kontekst av interne og eksterne faktorar, legg godt til rette for eit nødvendig fokus på beredskap.

I ei usikker tid er god beredskap også mot tilsikta skadeverk stadig viktigare. Dette krev ei god fysisk sikring, men også sterkt fokus på handtering av digitale trugslar.

Kraftbransjen er underlagt strenge reguleringar, mellom anna gjennom kraftberedskapsforskrifta. I SFE har vi stort fokus på sikring av digitale løysingar, samt opplæring og bevisstgjerjing av medarbeidarane våre på dette området.





Næringsutvikling



Kvar dag arbeider SFE med korleis vi kan nytte ressursane for å få fram nye næringer og grøn teknologi som kuttar utslepp, betrar miljøet og gjev nye grønne arbeidsplassar. Det høge fokuset på lokale behov og prioriteringar bidreg til å tilpasse støtta og utviklinga som regionen har behov for.

Dei siste tre åra har SFE jobba med ulike prosjekt innan grøn utvikling. Eksempel er mellom anna hydrogenselskapet HyFuel i Florø (i lag med Fjord Base og Hydrogen Solutions), Skipskraft (eit selskap i lag med Florø Hamn, som driftar anlegg for landstraum for skip) og Elbåtlader DA (i lag med Eviny/Plug). SFE jobbar også med eit biogassprosjekt i Gloppen.

Av vellukka satsingar på næringsutvikling dei siste åra er Lefdal Mine Datacenter eit godt døme. Dei har i dag om lag 30 tilsette i Nordfjord, og har i tillegg lokasjonar andre stader i landet. SFE var med å etablere denne satsinga frå startfasen.

No styrkar SFE denne satsinga ved å etablere innovasjonsselskapet Nyvinn, der ein vurderer å investere over 500 millionar kroner i lønsame prosjekt. Desse investeringane må gjennomførast saman med andre investorar. Nyvinn har allereie lukkast godt med rekruttering, og er no fullt operativt. Viktige mål er å bidra til auka aktivitet, skape nye lønsame arbeidsplassar og vere ein katalysator for det grønne skiftet i regionen.

I Nyvinn skal SFE sine tradisjonar som regional utviklingsaktør vidareførast og styrkast. Målsettinga dei tre neste åra er å etablere biogassanlegg i Gloppen med 50 GWh produksjon, hydrogenproduksjonsanlegg i Florø på 20 MW og elles delta aktivt i knoppskytingar i regionen.



Utdanning

Sogn og Fjordane har vore eit sentrum for kraftproduksjon, og er også eit område med stort potensiale for å få fram ny fornybar energi. For SFE har det derfor opp igjennom tidene alltid vore viktig å vere ein aktiv pådrivar for kunnskap og kompetanseheving lokalt. Tilgang på høg kompetanse gjev oss betre moglegheiter til å rekruttere dyktige fagfolk som kan drive energinæringa framover, men er og vesentleg for utvikling av regionen som heilskap. Nokre døme:

- ✓ SFE har vore sentral i etablering av oppretting av studie for elkraft på Høgskulen i Førde og studie for fornybar energi i Sogndal. Vi har bidrege med kapital og fagressursar i undervisninga.
- ✓ SFE har vore økonomisk bidragsytar til Fagskulen i Førde, mellom anna med ein undervisningslab, som også blir nytta av Høgskulen.
- ✓ I 2015 inngjekk SFE ei avtale med Høgskulen i Sogn og Fjordane om bidrag til forskning gjennom RELEASE-programmet med 2,2 millionar kroner over 3 år. (2015 – 2017). Programmet skulle mellom anna bygge kunnskap om regionale og lokale ringverknadar av kraftproduksjon.
- ✓ SFE har bidrege til etablering av Newtonrom på vgs i Florø og på Firda.
- ✓ SFE har både på eiga hand og i lag med Ungt Entreprenørskap arrangert innovasjonscampar med tema energi. Dette både på barne- ungdoms- og vidaregåande skular.

På årets rekrutteringsmesse i regi av Høgskulen på Vestlandet (i Førde), vart SFE kåra til årets bedrift av studentane sjølv. Grunngevinga var vårt engasjement, tilgangen på spennande bacheloroppgåver, og dei gode samtalan om kraftsektoren i regionen vår som gjorde inntrykk på studentane.



Elevar ute i felt 2023: Miljørådgjever Vegard Fagerli tok med seg elevar frå Bjordal skule opp til Randalen i Høyanger, der SFE ser på moglegheita til å byggje eit kraftverk. Oppgåva til elevane var å rekne ut straumproduksjon og å kartlegge og vurdere miljøkonsekvensar ved ei utbygging.

6. Kvifor er det viktig at SFE er lokalt forankra?

SFE er eit lokalt styrt selskap i Sogn og Fjordane, som sørger for aktivitet og bulyst i regionen

Ringverknader

SFE sitt bidrag til utbytte, sysselsetting og aktivitet skapar store ringverknader i regionen. Over 250 millionar kroner i utbytte, meir enn 30 millionar kroner i årleg leverandøromsetting, og anna verdiskaping gjennom samarbeid og kunnskapsdeling*

Varige verdiar

Alle SFE-utbyggingar skal legge igjen varige verdiar i lokalsamfunna. Når kraftverket står ferdig skal menneska i bygdene oppleve at det er meir enn eit kraftverk som ligg igjen etter utbygginga.

Lokal innovasjon

SFE spelar ei avgjerande rolle i å fremje ny aktivitet og innovasjon i regionen. Gjennom strategiske investeringar og samarbeid har SFE bidrege til utviklinga av fleire prosjekt som styrker den lokale økonomien og fremjer berekraftige løysingar.

Eigarar

For eigarane bidreg SFE med utbytte og verdiauke på investeringa i SFE. I tillegg bidreg eit lokalt SFE til å bevare lokale arbeidsplassar og å fremje lokal samfunnsutvikling.

Lokale arbeidsplassar

Tilsette i SFE er opptatt av arbeidsplassane sine, og ønskjer å halde fram med å skape verdi for SFE sine eigarar, lokalt næringsliv, samarbeidspartnarar og lokalmiljøet

SFE spelar ei viktig rolle i regionen - delte ut eit utbytte på over 250 millionar kroner i 2024, i tillegg til å bidra til sysselsetting og aktivitet


Produksjon og sysselsetting: SFE spelar ei avgjerande rolle i regionen gjennom sin produksjon av fornybar energi og skaping av arbeidsplassar. Årleg produserer SFE 2,4 TWh og har som mål å auke produksjonen for å bidra til den grønne omstillinga. SFE er arbeidsplass for 111 tilsette, busett i 13 ulike kommunar. Tal frå Fornybar Norge viser at for kvar tilsette i fornybarnæringa, er det fire personar som er sysselsette som følge av ringverknader. Dette styrker den lokale økonomien og sikrar stabil sysselsetjing for mange innbyggjarar og deira familiar (1).

Offentlege tenester og forvaltning: Gjennom skatteinntekter og avgifter bidreg SFE til finansiering av offentlege tenester og forvaltning. Dette resulterer i betre skular, helsevesen og infrastruktur, som igjen aukar livskvaliteten for innbyggjarane i regionen.

Resultatet frå 2023 var rekordstort, og SFE sine eigarar kunne fordele meir enn 250 millionar kroner mellom seg. Også i dei komande åra vil SFE sikre at fellesskapet får best mogleg avkastning på eigarskapen og investeringane i kraftressursane.

Kunnskapsdeling, klyngeeffekter og auka innovasjon: SFE fungerer også som ein katalysator for kunnskapsdeling og samarbeid i regionen. Gjennom klyngeeffektar og nettverk bidreg vi til å auke innovasjon og utvikling av nye teknologiar, noko som styrker konkurranseevna og tiltrekker nye investeringar til regionen. Døme på dette inkluderer satsingar på biogass og andre innovative energiløysingar som bidreg til berekraftig utvikling og nye arbeidsplassar. SFE sitt arbeid for å fremje grøn teknologi og samarbeid i regionen er med på å forme ein framtidsretta og berekraftig lokaløkonomi.

SFE arrangerer kvart år energikonferansen Kraft i Vest i samarbeid med Sparebanken Sogn og Fjordane, Innovasjon Norge, Høgskulen på Vestlandet og Vestland Fylkeskommune. Dette er blitt ein viktig arena for deling av kunnskap i regionen. Her deler vi også ut DRIV-prisen (grøn innovasjon) som SFE etablerte i 2019.



SFE skaper ringverknader for lokalt næringsliv og organisasjonar

Leverandørar og underleverandørar: I tillegg til direkte sysselsetjing, skaper SFE indirekte effektar ved å generere etterspurnad etter varer og tenester frå lokale leverandørar og underleverandørar. Dei siste fem åra har SFE lagt igjen omlag 130 millionar kroner hos våre leverandørar i Sogn og Fjordane*. SFE er ein viktig ressurs for våre leverandørar, og bidreg til auka produksjon, fleire arbeidsplassar, og til å ytterlegare styrke det lokale næringslivet. I juni 2024 signerte SFE bankavtale med Sparebanken Sogn og Fjordane. Dette er to store lokale selskap som begge jobbar for å utvikle same region.

Andre næringar: Auka økonomisk aktivitet og sysselsetjing i regionen har positive ringverknader på andre næringar som detaljhandel, tenesteyting og bygg og anlegg, på alle dei lokasjonane vi har aktivitet og tilsette. Dette skaper ein dynamisk og robust lokaløkonomi med fleire moglegheter for vekst og utvikling.

Å sørge for aktivitet i regionen vår er ein del av samfunnsansvaret vårt. Det er ein viktig del av årsaka til at SFE gjennom tidene alltid har støtta lag, organisasjonar og arrangement i lokalsamfunna våre.

Kvart år bidreg SFE med sponsormidlar til ulike tiltak i Sogn og Fjordane, og har dei siste åra bidrege med over 15 millionar kroner til ulike lag og organisasjonar. Det er mellom anna foreiningar som spenner over heile Sogn og Fjordane, slik som Sogn og Fjordane Fotballkrins og Sogn og Fjordane Skikrins. Det er arenaer innanfor læring og kunnskap slik som Vite Meir-senteret i Sogn og Ungt Entreprenørskap. Det er store og små arrangement innan kultur og idrett som bidreg til å setje regionen vår på kartet, slik som Malakoff, Norsk Countrytreff, Florømila rett vest og Kinnaspelet. Og det er ei rekke lag og organisasjonar innan idrett og kultur i heile regionen som kvar dag bidreg til bulyst, aktivitet og engasjement i både bygd og by.



MALAKOFF



vitemeir

Høgskulen på Vestlandet



Norsk COUNTRYTREFF



Å spele på lag med lokalsamfunna er nøkkelen for å lukkast

“ Samarbeidet med Sogn og Fjordane Energi i samband med Østerbø-utbygginga var eit godt lagspel, prega av høg tillit og respekt

Geir Helge Østerbø, grunneigar og varaordførar



SFE sin misjon: Alle utbyggingar skal leggje igjen varige verdiar i lokalsamfunna – i tillegg til det nye kraftverket. Å gå tidleg i dialog med lokallaga er ein del av kraftutbygginga. I tillegg har vi retningslinjer om å leggje igjen varige verdiar alle stadar der vi har utbyggingsaktivitet. Gjennom dialog med lokalsamfunna skal vi sikre at når kraftverket står ferdig skal menneska i bygdene oppleve at det er meir enn eit anlegg som ligg igjen etter utbygginga. Eit døme er kraftutbygginga i Østerbø i Høyanger kommune i 2020. Her står no eit næringsbygg, og ein opprusta støyln med heilt ny veg som gjorde støylen tilgjengeleg for bygda. Gjennom å ruste opp og forlengje ein eksisterande veg, reduserte vi helikopterbruken både under utbygging og i driftsfasen, samtidig som varige verdiar vert liggande att til glede for lokalsamfunnet. På Lutelandet har vi Vind-vinn midlane som kvart år gjev liv til lokale tiltak. I Ålfoten er vi i dialog med lokallaga før vi startar utbygginga av Nye Øksenelvane Kraftstasjon.

Etter utbygginga i Østerbø (2021) kunne bygda igjen ta i bruk støylen Stigane som ligg 607 moh ibratt terreng. På grunn av vanskeleg tilkomst hadde ikkje denne vore i bruk på mange år. I dag er det veg opp til støylen, og dei gamle steinmurane er blitt til nye sel.



SFE er ein pådrivar for innovasjon i Vestland


SFE spelar ei avgjerande rolle i å fremje ny aktivitet og innovasjon i regionen. Gjennom strategiske investeringar og samarbeid har SFE bidrege til utviklinga av fleire prosjekt som styrker den lokale økonomien og fremjar berekraftige løysingar. Mellom anna var SFE ein av initiativtakarane til **Fjord Invest**, som har investert i fleire titals bedrifter på Vestlandet. I dag er miljøet som vart bygd opp vidareført som **Peak Venture** med hovudkontor i Førde. Peak Venture er ei viktig kapitalkjelde for nystarta bedrifter, og har i dag 12 selskap i si investeringsportefølje ⁽¹⁾, blant anna **Evoy** i Florø.

Lefdal Mine Datacenter er eit prosjekt der SFE var ein utløyande aktør for realisering av anlegget. Sidan etableringa har datasenteret fått merksemd for si innovative tilnærming til energibruk, og SFE har bidrege med både kompetanse og ressursar for å sikre at anlegget opererer på ein energieffektiv måte ⁽²⁾. «Utan SFE hadde vi ikkje vore her i dag» sa marknadsjef Mats Andersson i Lefdal Mine Datacenter i 2015 ⁽³⁾.

I tillegg har SFE vore med på å etablere **HyFuel**, eit selskap som fokuserer på produksjon av grøn hydrogen. Dette prosjektet, som ligg på Fjord Base i Florø, har som mål å utvikle berekraftige energiløysingar for maritim industri. SFE sin involvering i HyFuel syner korleis vi aktivt søker å støtte overgangen til reinare energikjelder. Prosjektet fekk Enova-støtte i november 2024.

SFE bidreg også inn i eit **biogassprosjekt** i Gloppen, som har potensial til å produsere biogass og grøn CO2. Dette prosjektet vil ikkje berre bidra til lokal verdiskaping, men også til å redusere klimagassutslepp, noko som er essensielt i den grønne omstillinga ⁽⁴⁾.

SFE bidreg til Grøn Region Vestland sitt initiativ for å etablere næringshubar som fremjar industriell symbiose og innovasjon. Dette skjer gjennom SFE si involvering i Biohub Gloppen og HyFuel, som er ein del av Hub Fjordbase. Med Nyvinn skal SFE målretta ta del i ny grøn utvikling, og skape vekstmoglegheiter for fleire aktørar i regionen vår. Alle desse initiativa er døme som viser at SFE ikkje berre er ein leverandør av energi, men også ein viktig aktør i utviklinga av nye, berekraftige næringar som skaper arbeidsplassar og fremjar lokal innovasjon.



Utfordringar og SFE sine tiltak for å møte dei

Nyvinn er avhengig av eit tilstrekkeleg tal prospekt med god kvalitet for å kunne levere på dei strategiske måla. Liten geografi med fragmentert næringsliv og få solide klynger kan gjere oppgåva utfordrande. Som eit tiltak har Nyvinn ressursar avsett særskilt for å etablere gode relasjonar med industriaktørar, næringsliv, kommunar, næringsutviklingsorganisasjonar og akademia.

Nyvinn er avhengig av medinvestorar og partnarar for å kunne løfte større prosjekt. Det er då avgjerande å etablere eit godt partnernettverk, både i og utanfor Vestland. Som eit tiltak har Nyvinn ein uttalt samarbeidsstrategi om større prosjekt, jf. Skipskraft og Hyfuel i Florø.

Eit sjølvstendig SFE sikrar eigarane sine mål om attraktiv avkasting, utvikling av arbeidsplassar og fremjing av samfunnsutvikling

Eigarkommunar



Kinn



Gloppen



Bremanger



Stad



Sunnfjord



Askvoll

Eit sjølvstendig SFE har same mål som eigar- og vertskommunane våre – å sikre stabile utbytte (1), verdiauke på investeringa i SFE, utvikle lokale arbeidsplassar og fremje lokal samfunnsutvikling. Eit sjølvstendig SFE sikrar at selskapet fortset å bidra positivt til kommunane, samtidig som dei lokale behova vert ivaretekne.

Mål om stabile utbytte: SFE har gjennom dei siste 10 åra betalt ut 950 millionar i utbytte. Dette gagnar eigarkommunane økonomisk. Ved ein fusjon gjev dagens eigarar frå seg kontrollen og det kan føre til endra prioriteringar og endringar i utbyttepolitikken, noko som kan påverke kommunane sine framtidige utbytte. Ved å oppretthalde SFE si sjølvstende, kan kommunane sikre ein stabil og føreseieleg inntektsstrøm.

Verdiendring: SFE har potensiale for verdiauke gjennom sjølvstendig vekst og innovasjon. Ein fusjon fører til at SFE blir ein mindre del av eit større konsern, noko som kan redusere synlegheita og verdien av kommunane sitt eigarskap. Ved å behalde SFE som eit sjølvstendig selskap, kan kommunane dra nytte av den fulle verdiauken som SFE genererer.

Lokale arbeidsplassar: SFE bidreg med viktige arbeidsplassar i vertskommunane. Ein fusjon med ein større aktør kan på sikt føre til sentralisering og nedbemanning, noko som vil påverke den lokale sysselsettinga negativt. Ved å forbli sjølvstendig, kan SFE sikre at arbeidsplassane forblir i kommunane, og ein kan sjå fram til vekst i staden for ei redusering i sysselsettinga.

Samfunnsutvikling: SFE spelar ei viktig rolle i samfunnsutviklinga i kommunane. Som eit sjølvstendig selskap kan SFE fortsette med å fokusere på lokale behov og prosjekt som direkte gagnar kommunane.

Sogn og Fjordane Holding sine mål om langsiktig eigarskap, samfunnsutvikling og lokale arbeidsplassar kan oppretthaldast gjennom eit sjølvstendig SFE



Sogn og Fjordane Holding AS



Vestland Sunnfjord Kinn Sogndal Stad Stryn Gloppen Årdal Luster Høyanger Bremanger Askvoll Fjaler Vik Gulen Lærdal Aurland Hyllestad Solund

Sogn og Fjordane Holding (SFH) er den største eigarar i SFE med 49,51% av aksjane. SFH sitt rasjonale for eigarskapet er tydeleg definert i formålsparagrafen: Eigarskap, samfunnsutvikling og arbeidsplassar, i Sogn og Fjordane. Eit sjølvstendig SFE som bidreg positivt til dette er heilt i tråd med dette formålet. Elles har SFH same interesse som eigarkommunane i langsiktig verdiskaping og gode, stabile utbytter.

SFH og direkteeigande kommunar har i dag ein kontrollierende posisjon i SFE. Alle aksjonærar i SFE har 2/3 aksjar som krev offentleg eigarskap og 1/3 som ikkje har eigarbegrensingar. Aksjane utan eigarbegrensingar har større verdi enn dei øvrige. Gjennom den kontrollierende posisjonen i SFE har SFH kontroll på korleis denne ekstra verdien kan forvalta og også kontroll på SFE si vidare utvikling. Frå andre selskap ser ein at aksjar som alle kan eige (1/3 av aksjane) har større verdi enn aksjar som krev offentleg eigarskap.

Utdrag frå vedtektene – Føremål Sogn og Fjordane Holding

«Selskapet eig per 8. oktober 2019 49,56 prosent av aksjane og er største eigar i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet si verksemd er ved eit langsiktig og stabilt eigarskap å sikre at de verdiar som ligg i eigarskapen til aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS – og sjølv eigarskapen – kan bli verande i Sogn og Fjordane.»

Føremålet med å eige og utøve aksjonærrettane til aksjane er å styrke Sogn og Fjordane Energi AS som eit viktig sjølvstendig, regionalt og lokalt eigd kraftselskap i Sogn og Fjordane.

Selskapet har og som målsetnad å **auke selskapet sitt eigarskap** i Sogn og Fjordane Energi AS, mellom anna ved **kjøp av aksjar** og **deltaking ved kapitalutviding** i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet **kan og gje ansvarleg lån** o.a. til Sogn og Fjordane Energi AS for å styrke selskapet sin soliditet og posisjon som eit viktig sjølvstendig og regionalt kraftselskap.»

Utdrag frå aksjonæravtala:

«Det er i desember 2019 inngått aksjonæravtale mellom Vestland Fylkeskommune og eigarkommunane der føremålet er å sikre eit stabilt og varig eigarskap i SFE, som sikrar at verdiane kraftutbyggingane representerer har lokal forankring. Partane ønskjer at verdiane kraftutbygginga og SFE utgjør skal kome kommunane i Sogn og Fjordane til gode, og at verdiane vert best ivaretekne lokalt gjennom eit stabilt og varig eigarskap.»

Eit sjølvstendig SFE skal gi Eviny god avkastning i form av utbytte og verdiauke på eigarposten



Eviny er nest største eigar av SFE med 36,80% av aksjane og har gjennom dette innverknad på SFE si utvikling. Samstundes skal eigarskapen gje god avkastning og bidra til realisering av Eviny sin strategi.

Utbytte: Sett frå Eviny si side som eigar, vil truleg ein full fusjon mellom SFE og Eviny vere å føretrekke. Det vil gje Eviny full kontroll over verdiar som i dag er innelåste. Ein realisasjon av aksjeposten i SFE kan vere eit anna alternativ for Eviny for å realisere eigne vekstambisjonar. For begge desse alternativa ligg avgjerda på eigarsida. Derfor vil SFE fortsetje å fokusere på målet om å sikre eit attraktivt utbytte til alle sine eigarar.

Verdiendring: SFE har stort potensial for verdiendring gjennom sjølvstendig vekst og innovasjon. Eviny vil dra nytte av denne verdiendringa som grunnlag for framtidig utbytte og ved ein eventuell framtidig realisasjon av aksjane.

Samarbeid: Historisk har samarbeid mellom SFE og Eviny resultert i ny fornybar kraft til Vestlandet. Partnerskapet i Østerbø og Jølstra demonstrerer korleis kraftselskap kan samarbeide for å realisere nye prosjekt. Nokre prosjekt let seg lettare realisere saman med andre aktørar og det er ein modell SFE har lukkast godt med.

Lokal fokus og innovasjon: SFE har vist seg å vere ein innovativ aktør med sterk lokal forankring. Ved å forbli sjølvstendig, kan SFE fortsette å fokusere på lokale behov og utvikle innovative løysingar som gagnar både selskapet, selskapet sine eigarar og Vestland som region.

Eit sjølvstendig og lokalt forankra SFE sikrar attraktive arbeidsplassar i regionen

Lokale arbeidsplassar er viktig for kommunane i Sogn og Fjordane fordi det bidreg til busetnad og verdifulle ringverknadar for lokalsamfunna.

SFE er ein attraktiv arbeidsgjevar som tiltrekker kvalifiserte fagfolk og tilbyr ein balansert kvardag mellom jobb og fritid.

Dagens eigarskap sikrar selskapet si evne til vidare vekst og rekruttering i regionen, noko som gjer SFE til ein viktig faktor for karriereutvikling her.

SFE har skapt fleire nye stillingar, der ein tredjedel av dei nyttilsette sidan 2023 er heimflyttarar eller tilflyttarar.

Eit sjølvstendig SFE skaper tryggleik for lokale arbeidsplassar.



SFE var med på å skipe traineeordninga som i dag er Framtidsfylket Vestland. Vi deltek i regionale ordningar for lærlingar

“ SFE var i lag med Sparebanken Sogn og Fjordane, Domstein og Hotell Alexandra initiativtakar til det som i dag er Framtidsfylket trainee. Målet var å sikre framtidig kompetanse til Sogn og Fjordane. Traineeordninga vart utvida til Vestland fylke for fire år sidan.

“ SFE har i løpet av dei siste 20 åra hatt i arbeid eit betydeleg tal lærlingar og over 20 traineear. Mange av desse jobbar framleis hos oss. Å tilby lærlingplassar og traineestillingar er ein vesentleg del av samfunnsansvaret vårt, men det gjev oss også mykje tilbake.



Traineeane i SFE: Matilde Berg Fagerland og Steffen Engum Gottheim fekk prøve seg som konferansierar under SFE sin konferanse Kraft i Vest. Matilde er trainee innan kommunikasjon og Steffen innan prosjektutvikling. Begge kom til regionen på grunn av jobb i SFE og ingen hadde tilknytning til området frå før.



Lærlingane i SFE: Mathias Reksten Dale og Mats Moen er lærlingar i SFE, i Ålfoten og Svelgen



Jobb og fritid: SFE har vore initiativtakar til etablering av U40 i Gløppen. Fleire av våre nye tilsette har ikkje tilknytning til området frå før, og då er det viktig å skape arenaer som dei kan byggje seg nettverk i.



Med Nyvinn skaper vi grøn utvikling

SFE sitt nye utviklingselskap heiter Nyvinn. Selskapet skal målretta ta del i ny grøn utvikling i regionen vår. Med Nyvinn skal vi bidra til auka aktivitet, nye lønsame arbeidsplassar og vi skal vere ein katalysator for det grønne skiftet i regionen vår. Nyvinn er aktivt på søken etter potensielle samarbeidspartnarar der målet er å bidra til det grønne skiftet, og ikkje minst lokal verdiskaping og arbeidsplassar.



*Prosjektutviklar
Astrid Myren og
dagleg leiar
Roger Flølo, i
Nyvinn får etter
nyttår med seg
to nye kollegaer
på Nyvinn-laget*



HYFUEL

SFE var med å etablere HyFuel i 2020. Selskapet har som mål å etablere eit produksjonsanlegg for grønt hydrogen på Fjord Base i Florø. Prosjektet er nyleg tildelt 180 millionar kroner i investeringsstøtte frå Enova, og er no i detaljplanleggingsfasa. SFE eig selskapet med 33,5 % i lag med Fjord Base Holding og HYDS.



⚡ Skipskraft

I lag med Florø Hamn stifta SFE i 2021 selskapet Skipskraft i lag med Florø Hamn. Selskapet eig og driftar åtte anlegg for landstrøm på Fugleskjærkaia og Botnastranda i Florø. Skipskraft vil i 2025 vurdere vidare ekspansjon i området mellom Bergen og Ålesund.



Fjordane Biogass

SFE arbeider med planar for eit 50 GWh stort produksjonsanlegg for biogass på Byrkjelo i Gloppen. Anlegget skal produsere biogass og grønt CO2 til industri- og transportføremål, og biogjødsel til landbruket. Råstoff skal vere hudsdryrgjødsel, matavfall og fiskeavfall. Målet er å ha eit godt grunnlag for ei endeleg investeringsbeslutning i løpet første halvår i 2025, med byggjstart så snart alle løyver og avtalar er på plass.

Vi skaper den fornybare framtida!

Visjonen til Sogn og Fjordane Energi er klar: "Vi skaper den fornybare framtida". Dette er ikkje berre ein ambisjon, men eit ansvar for å leie an i den store oppgåva kraftselskapa har med bidra til at Vestland og heile Noreg når sine klimamål.

Vi skal halde fram med å levere på samfunnsoppdraget vårt gjennom ein berekraftig energi-produksjon som møter morgondagens krav. Ved å utnytte potensialet i både eksisterande og nye energiressursar skal vi bidra til ei grøn framtid for komande generasjonar.

Gjennom kompetanse, innovasjon og handlekraft skal vi halde fram med å styrke fundamentet som skaper verdier for eigarane våre. Vi skal bidra i arbeidet med å bygge eit samfunn basert på rein, fornybar energi.



7. Vedlegg

Vedlegg 1

Kjelde og faglege omgrep

Kjelder

Side	Kilde
4	(1) "The Decision-Driven Organization" av Marcia W. Blenko, Michael C. Mankins, og Paul Rogers, <i>Harvard Business Review</i>, 2010. (2) "Organizational Structure and Innovation Revisited: From Organic to Ambidextrous Structure" av Julian Birkinshaw og Cristina Gibson, <i>Journal of Business Research</i>, 2004. (3) "Job Satisfaction in Small and Medium Enterprises: The Role of Work Environment" av R. T. Mowday, <i>Journal of Small Business Management</i>, 1997.
5	SFE strategiprosess 2024 SFE langtidsprognose vedteke 2024 (1) Økonomiske føresetnader i tråd med utgreiing alt 1 (ref. side 9)
9	Intensjonsavtale om utgreiing av framtidig eigarstruktur i SFE
10	SFE strategiprosess 2024 NVE (1) Finansdepartementet Økonomiske føresetnader i tråd med utgreiing alt 1 (ref. side 9) SFE Økonomisk Langtidsprognose 2040, vedteken 2024
11	SFE strategiprosess 2024
12	SFE strategiprosess 2024 SFE medarbeidarundersøking Økonomiske føresetnader i tråd med utgreiing alt 1 (ref. side 9)
13	SFE strategiprosess 2024 (1) Økonomiske føresetnader i tråd med utgreiing alt 1 (ref. side 9) (2) SFE Økonomisk Langtidsprognose 2040, vedteken 2024
16	«Lys og kraft til bygdens behov: Kraftforsyninga i Sogn og Fjordane 1893-1993» av Leiv Nordstrand, 1993.

Side	Kilde
19	SFE Økonomisk Langtidsprognose 2040, vedteken 2024 SFE strategiprosess 2024 SFE langtidsprognose vedteke 2024 (1) «SFE først med programvare for nytt reservemarked – systemleverandørene henger etter» europower.no, 2024 (2) NVE
23	SFE strategiprosess 2024 (1) «Klimatiltak i Norge – kunnskapsgrunnlag 2024», Miljødirektoratet (2) «Teknotrender for Stortinget 2024» Teknologirådet (3) «Revidert fornybardirektiv», Regjeringen.no (4) «Fornybardirektivet», nho.no
24	SFE strategiprosess 2024 «Langsiktig kraftmarkedsanalyse 2023», nve.no (1) «Scenarioer for kraftmarkedet 2024», nve.no (2) «Klima- og industrimål avhengig av raskere konsesjonsprosesser», fornybarnorge.no (3) «Strømprisutvalgets rapport» Regjeringen.no
25	SFE strategiprosess 2024
26	SFE strategiprosess 2024 (1) Vestlandsparteføljen 2.0 (2) Regjeringen.no
30	SFE strategiprosess 2024 SFE Økonomisk Langtidsprognose 2040, vedteken 2024 (1) Skatteloven kap. 18
31	SFE strategiprosess 2024 SFE Økonomisk Langtidsprognose 2040, vedteken 2024 Økonomiske føresetnader i tråd med utgreiing alt 1 (ref. side 9)

Kjelder

Side	Kilde
32	SFE strategiprosess 2024 SFE Økonomisk Langtidsprognose 2040, vedteken 2024 Økonomiske føresetnader i tråd med utgreiing alt 1 (ref. side 9)
33	SFE strategiprosess 2024 SFE Økonomisk Langtidsprognose 2040, vedteken 2024 Økonomiske føresetnader i tråd med utgreiing alt 1 (ref. side 9)
34	SFE strategiprosess 2024 SFE Økonomisk Langtidsprognose 2040, vedteken 2024 (1) NVE
35	SFE strategiprosess 2024 SFE Økonomisk Langtidsprognose 2040, vedteken 2024 (1) «Langsiktig kraftmarkedsanalyse 2023», NVE
36	SFE strategiprosess 2024 SFE Økonomisk Langtidsprognose 2040 (1) NVE
37	SFE strategiprosess 2024
38	SFE strategiprosess 2024 (1) SFE medarbeiderundersøking (2) «Cross-Functional Integration and New Product Success: An Empirical Investigation of the Findings», Troy et al., 2008
41	SFE strategiprosess 2024
42	SFE strategiprosess 2024 SFE Økonomisk Langtidsprognose 2040, vedteken 2024
43	SFE strategiprosess 2024

Side	Kilde
44	SFE strategiprosess 2024 NVE
45	SFE interne berekningar Europower
46	SFE strategiprosess 2024
47	SFE strategiprosess 2024
48	SFE strategiprosess 2024
51	SFE strategiprosess 2024
54	SFE informasjon (1) <i>Ringvirkningsanalyse av den norske fornybarnæringen</i> ,
55	SFE strategiprosess 2024 (1) peakventure.no (2) «Nye eigarar i Lefdal Mine Datacenter», sfe.no , (3) «Datalagringa i Lefdal Gruve vil trenge straum tilsvarande ein norsk by», nrk.no (4) «SFE sitt utviklingsselskap skal heite Nyvinn», sfe.no
56	SFE strategiprosess 2024 (1) SFE Økonomisk Lagtidsprognose 2040, vedteken 2024
57	SF Holding vedtekter, jf. V § 3 og A pkt. 2, eigarmøte

Faglege omgrep knytt til kraftproduksjon

A

Aritmetisk avkastning: Enklaste form for gjennomsnittleg avkastning. Bereknast ved å summere avkastningane i dei ulike tidsperiodane og deretter dele på tal perioder.

B

Balanskraft: Kraft som vert brukt for å balansere kraftsystemet. Dette må til for å sikre samsvar mellom forbruk og produksjon av elektrisitet til ei kvar tid.

C

Covenants: Vilkår i låneavtaler som eit selskap må oppfylgje når dei låner pengar.

E

Effekttoppgradering: Utviding av eit vasskraftverk for å auke ytelsen. Dette for å kunne produsere meir energi når kraftsystemet treng det mest.

Effekt vs energi: Effekt er energimengde per tidseining, og fortel om momentan produksjon. Energi er den totale mengden energi som er produsert eller forbrukt over tid. Energimengde fortel om samla forbruk eller produksjon

Eigenkapitalemisjon: Er ei utviding av selskapet sin eigenkapital, som igjen fører til auke i aksjekapitalen.

Employer branding: Korleis eit selskap presenterer seg sjølve som ein attraktiv arbeidsplass for å tiltrekke seg gode tilsette.

F

Fallrett: Retten til å utnytte vasskraft frå eit vassdrag.

Fleksibilitet: Evna til å justere produksjon eller forbruk av elektrisitet etter behov.

G

Geometrisk avkastning: Blir også kalla tidsvekta avkastning og er eit mål for gjennomsnittleg avkastning over fleire tidsperiodar der rentersrente-effekten vert teken omsyn til.

GoO-prisar: Forkorting for Guarantee of Origin som er opphavsgarantiar (sertifikat) utstedt til produsentar av fornybar energi.

H

Høggprisavgift: Midlertidig avgift på spesielt høge kraftprisar.

I

Installert effekt: Den maksimale mengda elektrisitet eit kraftverk kan produsere.

Investment grade: Ein kredittvurdering som viser at eit selskap har låg risiko for å ikkje betale tilbake lån.

K

Konsesjon: Offisiell løyve, i denne samanhengen oftast løyve til å bygge og drive eit kraftverk og/eller regulere eit vassdrag.

Konsesjonskraft: Elektrisitet som vert levert til lokale område til ein redusert pris, som ein del av konsesjonsvilkåra.

Konsesjonsprosess: Prosessen der eit selskap søkjer om og får løyve frå myndigheitene til å bygge og drive kraftverk.

Kommersiell agering: Aktivitetar knytt til kjøp og sal av elektrisitet på marknaden.

Kortsiktig fleksibilitet: Evna til å raskt endre kor mykje straum ein brukar eller lagar over ein kort periode, til dømes batteri.

Kredittrating: Ein vurdering av kor sannsynleg det er at eit selskap kan betale tilbake lån.

L

Langsiktig fleksibilitet: Evna til å endre kor mykje straum ein brukar eller lagrar over ein lengre periode, til dømes magasinkraftverk.

Likviditet: Kor mykje pengar eit selskap har tilgjengelig for å dekke sine kortsiktige forplikningar.

M

Magasinkraftverk: Eit kraftverk som lagrar vatn i eit magasin (reservoar) for å kunne produsere straum når det er behov.

O

Obligasjonsmarknaden: Marknaden der selskap og mynde kan låne pengar ved å selje obligasjonar (gjeldsbrev) til investorar.

R

Regulerkraft: Kraft som vert brukt for å justere balansen mellom produksjon og forbruk av elektrisitet. Dette gjev kraftverk med god reguleringsevne, då ein ikkje treng å ta omsyn til elvestrekningar nedstraums kraftverket.

Reguleringsevne: Evna eit kraftverk har til å justere produksjonen raskt etter endringar i etterspurnad.

Reservemarknad: Marknad der kraftverk tilbyr ekstra kapasitet som kan aktiverast ved behov.

S

Skalering av kompetanse: Å utvikle og auke kunnskapen og ferdigheitene til tilsette i eit selskap.

Soliditet: Eit mål på kor robust eit selskap er økonomisk, ofte målt som forholdet mellom eigenkapital og gjeld.

T

Transmisjonsnett: Dei store kraftlinjene som fraktar straum over lange avstandar frå kraftverk til forbrukarar.

U

«Utløp rett i sjø»: Når vatnet frå eit kraftverk vert slept direkte ut i sjøen etter bruk. Dette gjev kraftverk med god reguleringsevne, då ein ikkje treng å ta omsyn til elvestrekningar nedstraums kraftverket.

Uregulerbar kraft: Straum som vert produsert frå kjelder som ikkje kan kontrollerast, som vind- og solkraft.

